

Hei.

Viser til innspelsrunde områdereguleringsplan Nestangen med innspelsfrist 05.05.23.

Eg er eigar og bebuar av Hagebyvegen 9, som er i øvre del av området som reguleringsplanen omhandlar.

Det er viktig for meg å framheve utfordringa med overflatevatn som periodevis oppstår på oppsida av tomta mi, i øvre grensa av området som reguleringsplanen omhandlar. Kvar haust og vår er det større vassmengder som kjem ned gamle åbergevegen (traktorvegen som går langs øvre del av reguleringsplanen ved huset mitt og som går vidare opp til Røvhaugeane). Den eksisterande veita er skjør og treng årlig vedlikehald for å fungere. Sidan eg risikerer å få vatnet direkte ned på tomta mi dersom vatnet går utanom veita har eg oppsyn med veita og sikrar at den fungerer. Eg bruker ein del tid på dette kvar haust og vår.

Grunnen til at dette er relevant for aktuell områdereguleringsplan er at dersom eg av ein eller anna grunn ikkje lenger gjer dette arbeidet (f.eks dersom er ikkje er heime i ein periode når det er stor vassføring i veita eller dersom eg flyttar) er det ikkje usannsynlig at det kan kome vassføring utanom veita. Dette vatnet vil i so fall kunne ramme tomta mi og omliggande tomter, samt alle tomtene nedanfor.

Eg ber om at vedlikehald av veitene i dette området blir teke med i vurderingen av planarbeidet. Dette for å sikre ei adekvat handtering av overflatevatnet over tid som ikkje er avhengig av dugnad frå lokale bebuarar.

Mvh Asle Kjølraug

Sendt fra min iPad

Aslak Randmo
Boks 176
6851 SOGNDAL

Sogndal 05.05.2023

Sogndal kommune
Boks153
6851 SOGNDAL

Innspel til planprogram Nestangen-områderegulering.

Som eigar av Navarsetevegen 18 gnr. 11 bnr. 23 og på vegne av Tordis Randmo eigar av Navarsetevegen 20 gnr. 11 bnr. 84 kjem ein med fyljande innspel til planarbeidet.

Me støttar framlegget om å gjera nedre del av Navarsetevegen om til gang og sykkelveg med tillate køyring til eigedommane. Ei naturleg avgrensing vil vel vera der Navarsetevegen byrjar i vest (Svabakken) og innover slik at ein dekkar opp eigedommane vest for ny avlastingsveg for utbyggingsområdet på Nes. Ein reknar med at det må på plass ein slik ny tilkomst til det planlagde utbyggingsområdet.

Me støttar derfor planen om ein ny avlastingsveg gjennom planområdet på Nes. Det kan nemnast at store delar av dagens trafikk i nedre del av Navarsetevegen er gjennomgangstrafikk og ikkje køyring til eigedommane på denne strekninga.

Ein må pårekna at den nedre delen av Navarsetevegen vil vera den føretrekte vegen å gå til Fjøra og sentrum elles då det er forholdsvis flatt mellom utbyggingsområdet på Nes og Fjøra. Med den nedre delen av Navarsetevegen som gang og sykkelveg er det ikkje lenger trong for å etablera gangveg over våre eigedommar slik det er skissert i dei framlade planane (s.17). Dei få aktuelle eigedommane som vil få tilkomst har alt lett tilkomst til Navarsevegen. På det framlagde kartet (s.17) er ikkje verken Grøtbakken eller Teodorbakken innteikna. Dette er delar av den tidlegare tilkomsten (gardsvegen) mellom Nestangen og Åberge, altså vegar som er opne og vert nytta til allmenn ferdsel. Desse vegane bind saman øvre del av Navarsetevegen og vidare nedover heilt til Fjordstien. Me kan ikkje sjå at ei etablering av gangveg over våre eigedommar vil ha noko særleg nytte for ålmenta og me er sterk imot det. Dette vil vera svært negativt for vårt privatliv og våre eigedommar.

Det vart i 2000-2001 utarbeida reguleringsplan (1420-2001004 «Dela v Nes») for våre eigedommar samt ein mindre del av gnr. 11 bnr. 1 me føreset at desse planane vert vidareførde i samband med dagens planarbeid.

Me stiller gjerne på ei synfaring om det skulle vera aktuelt.

Konklusjon:

- Steng nedre del av Navarsetevegen for gjennomkøyring men med moglegheit for køyring til aktuelle eigedomar. Nedre del av Navarsetevegen vert då gang og sykkelveg.
- Etablering av ny avlastingsveg for reguleringsområdet samt øvre del av Navarsetevegen.
- Gangvegssystem som er skissert over vår eigedom vert droppa.
- Dagens reguleringsplan på vår eigedom vert vidareført.

Med helsing

Aslak Randmo

Innspel til planprogram Nestangen – områdereguleringsplan

Vi vil som eigarar av Navarsetevegen 42 (gnr/bnr 11/94) kome med følgjande innspel til planarbeidet.

I planprogram for Nestangen er det skissert gangveg mellom Navarsetevegen 12 og oss, slik det er antyda i planen s. 17 (foto). Dette er vi sterkt i mot då det vil ha svært negativ innverknad på vår tomt og vere betydeleg inngripen i vårt privaliv. Ein gangveg mellom Navarsetevegen 12 og oss vil føre til at vi med allereie eksisterande gangvegar får gangveg og stor ferdsel på alle sider av huset.

Vi støttar framlegget om å gjere nedre del av Navarsetevegen til gang og sykkelveg med tillate køyring til eigedomane. Med denne planen vil gangvegsystemet vere godt nok for framtida, også fordi det i nyare tid er kome tilkomst frå øvre del av Navarsetevegen til Hovsmarki (privat trapp vest for vår tomt). Denne gangvegen er mykje nytta av folk i midtre og øvre del av Navarsetevegen, saman med gangvegen Grøtbakken mellom Navarsetevegen 16 og Navarsetevegen 18. Med nedre del av Navarsetevegen som gang- og sykkelveg ser vi derfor ingen behov gangveg mellom oss og Navarsetevegen 12. Når ein i tillegg har Fjordstien, samt gangveg langs med riksvegen (forbi Solhov) som er svært mykje brukt, er det ikkje bruk for fleire gangvegar i området.

I tillegg vil vi bemerke at skisseringa på foto s.17 i planprogrammet er svært upresist og lite deltaljorientert slik at det ikkje er lett å få ei god nok oversikt over dette. Både gangvegen Grøtbakken og gangvegen Teodorbakken frå Navarsetevegen ned til Sogndal Folkehøgskule er dessutan ikkje vist på foto nederst på s. 17 over gangvegsystemet. Dette må rettast opp.

Vi ber om følgjande endring av områdereguleringsplan:

- Fjerne forslaget om gangveg mellom Navarsetevegen 12 og Navarsetevegen 42. Vi er i mot ein slik gangveg.
- Ein meir detaljert og presis illustrasjon over gangvegsystemet.
- Teikne inn eksisterande gangveg Grøtbakken og Teodorbakken i illustrasjon/kart.

Mvh

Even Krogstad Valseth

Kari Holen Loftesnes

Områdereguleringsplan Nestangen

Innspel til planprogram og oppstart av planarbeid

Innleiing

Dette er eit innspel til høyring og offentleg ettersyn av planprogram og oppstart av arbeid med utarbeiding av områdereguleringsplan for Nestangen.

Innspelet er eit felles innspel frå grunneigar av eigedom 11/6 Ola K Aaberge, og hans born, Kåre Kristian Aaberge (eigar av eigedom 11/136) og Silje Aaberge Aalbu (eigar av eigedom 11/137).

Generelt

Vårt hovudbodskap er at matjord er den viktigaste ressursen me har, og me ynskjer ikkje at dette skal bli bygd ned, verken på vår eigedom eller naboeigedomane på Nes. Den gode matjorda bør utnyttast til matproduksjon til beste for samfunnet.

Merknadar knytt til eigedom 11/6

Vårt hovudynskje for garden er at matjorda ikkje vert bygd ned, og at det vert lagt til rette for framtidretta gardsdrift. For at dette skal kunne vere realistisk er det ei rekke tilhøve som må vere på plass:

- Arealet må ikkje bli mindre enn det er i dag.
- Aktivitet og utbygging på naboeigedomane må tilpassast slik at det skal vera mogleg å drive gardsdrift. Dette handlar om å få gode nok dyrkingstilhøve med nok lys, og å kunne utføre naudsynte oppgåver i hagen, til dømes sprøyting. (Her trengs det utgreiing av fagkunnige innan landbruk. Her er mange aspekt som må vurderast, mellom anna avstand og høgde på nærliggande bustadar, aktivitet nær og gjennom området mm)
- Arealet må regulerast til landbruk i kommunedelplanen slik at det er mogleg å sjå i lengre perspektiv for komande generasjon som skal overta. (Slik det er no har det vore vanskeleg å planlegge for utvikling og modernisering på garden pga. kommunen sine framtidsplanar for området (Sentrumsføremål i kommunedelplanen).

Dersom ikkje desse tre punkta let seg gjennomføre er det ikkje mogleg å drive fruktdyrking slik det vert gjort no.


Då meiner me det er det beste for Sogndal og for området at det vert planlagt for utbygging av sentrumsføremål på heile området samla på Nes, slik at området vert best mogleg utnytta og tilpassa området og behova kommunen ser.

Området er innfallsporten til Sogndal når ein kjem frå Kvam og frå Kjørnes, og også svært synleg frå Hagelin. Det gjer det svært viktig med ei gjennomtenkt utbygging tilpassa området og terrengformene på neset. Me ser med bekymring på om deler av området skal byggast høgt og tett, med grunngeving i at grønstruktur og identitet som fruktbar tettstad vert sikra av naboeigedomane (når det i realiteten då ikkje vert mogleg å drive fruktdyrking pga utbygginga). Me set vår lit til at kommunen planlegg området som ein heilskap, og sikrar stadtilpassa utbygging i områdeplanen.

Dersom arealet avsett til sentrumsføremål på eigedomen i gjeldande kommunedelplan vert vidareført med dette føremålet ynskjer me fortsatt vidare drift på garden, men må då tenka nytt og alternativt rundt mogleg drift. For å vidare ha moglegheit til dette ynskjer me at all bygningsmasse,

5. mai 2023

samt tilkomst til desse blir liggande til garden, samt tilkomstvegen frå Kløvhola og alt arealet over denne vegen. Dette tilsvarar om lag det som ligg i gjeldande reguleringsplan for eigedomen, sjå nedanfor utklipp av reguleringsplan 1420-2011002 Navarsetevegen 19, samt vegen inn til Kløvhola.



Ein vil då kunne oppretthalde ein del gardsverksemd, som til dømes produksjon av ved. Og ein vil kunne sjå på moglege tiltak med «inn på garden»-aktivitet med nokre dyr, frukt og grønsaker på resterande areal, eller anna alternativ drift. Dette er svært ynskjeleg for neste generasjon.

Det er behov for å oppretthalde tilkomst frå Kløvhola til garden.

Dersom det skal planleggast gang- og sykkelveg gjennom eigedomen ynskjer me at denne ikkje vert lagt gjennom tunet, men i nedkant av driftsbygningen, eller inne på utbyggingsområdet.

Andre merknadar til planprogram og oppstart av planarbeid

- Navarsetevegen
 - Navarsetevegen slik den ligg i dag har dårleg standard og tidvis problem med møtande bilar sidan det manglar møteplassar. Det er også trangt for gåande og syklende i møte med bil. Tilstanden er dårleg med fleire murar som ser ut til å rase ut.
 - Denne vegen vil uansett vere ein kommunal veg som treng vedlikehald (pga dårlege murar), og me meiner det er meir fornuftig å ruste opp vegen med tilstrekkeleg med møteplassar, og eit fortau om mogleg, i staden for å etablere ny alternativ tilkomst til Navarsetevegen frå fv. 55. Frå fylkesvegen og opp til den krappe svingen i Navarsetevegen er det stor høgdeskilnad, og det vil truleg vere vanskeleg å finne gode løysingar utan å ta veldig mykje areal til vegformål.
 - Vegtilkomst til ev. nytt bustadfelt må løysast frå rv. 5 eller fv. 55.
 - Det bør ikkje vere køyreveg mellom vegtilkomst til nytt bustadfelt og Navarsetevegen. Slik at ein legg til rette for gåande og syklende, framfor bil i slike sentrumsnære område.
- Rv. 5 og bandlegging i Kløvhola
 - For å bandlegge areal i Kløvholda for ny rv. 5 må det utgreiast tilstrekkeleg for å vise at det i det heile er realistisk å etablere tunnel og kryss i området. Utan å gjere dette er det umogleg å vite omfang av naudsynt areal, og ein kan måtte sette av alt for stort areal som kan avgrense moglegheita til gardsdrift og brukt av arealet i Kløvhola og Krossen.
 - Det verkar svært lite realistisk at det vil komme ein tunnel i dette området, då dette vil gi lenger reisetid og soleis dårleg samfunnsøkonomisk nytte i Statens vegvesen sine vurderingar av moglege investeringar.
 - Me meiner difor at alternativet med lang tunnel må utgreiast, eller skrinleggast i samband med områdeplanen.
- Reguleringsplan for Navarsetevegen 19 – PlanID 1420-2011002
 - Me ynskjer at reguleringsplanen for Navarsetevegen 19 blir vidareført slik den ligg i dag.
- Sti til røvhaugane
 - Me ynskjer ikkje at sti gjennom tunet til Navarsetevegen 19 C-E vert formalisert som offentleg sti til Røvhaugane. Hovudtilkomst til Røvhaugane bør ligge som før via gamlevegen til Åberge.

Helsing

Ola K Aaberge, Kåre Kristian Aaberge og Silje Aalbu

Jan Arild Jakobsen
Gildevangen 17
6856 SOGNDAL

Sogndal 05.05.2023

Sogndal kommune
Boks153
6851 SOGNDAL

Innspel til planprogram Nestangen-områderegulering.

Som eigar av gnr. 11 bnr. 1 er det med stor undring ein registrerar eit ein ikkje er nemnd med eit ord i det framlagde planarbeidet. Slik dette er presentert er alt landbruksarealet mitt samt tun ein del av planane.

Innleiingsvis kan eg sei at eg ikkje stiller meg negativ til eit utbygging av DELAR av mitt landbruksareal. Eg vil likevel ytra eit sterkt ynskje om å bli involvert i det vidare planarbeidet og at tunmiljøet og bustaden min kan bestå som i dag.

Vidare støttar eg framlegget om å gjera nedre del av Navarsetevegen om til gang og sykkelveg med tillate køyring til eigedommane. Ei naturleg avgrensing vil vel vera der Navarsetevegen byrjar i vest (Svabakken) og innover slik at ein dekkar opp eigedommane vest for ny avlastingsveg for utbyggingsområdet på Nes, t.d slik at Navarsetevegen 26 vert grensa i aust.

Med helsing

Jan Arild Jakobsen

Sogndal kommune

postmottak@sogndal.kommune.no

Områdereguleringsplan for Nestangen

Innspel til planprogrammet med frist 5/5 2023

Viser til brev sendt til involverte og naboar i samband med områdereguleringsplan Nestangen.

I Planprogram Nestangen står det:

- Sogndal kommune ønskjer å utvikle Nestangen til ein inviterande innfallsport og berekraftig ny del av tettstaden
- legge til rette for bustadområde med høg tettheit med ulike bygningstypar....

Den første kommentaren er at det er lagt mange føringar, og dokumentet som er sendt ut viser at det alt er gjennomført ein del planlegging for kva området skal brukast til. Dokumenta har også lagd med skisse på planlagde bustader/blokker og bruk av omrdet (s.9).

Bakgrunnen er eit dokument og vedtak frå 2013 (s.6), som seier at Nestangen er sett av til sentrumsnære formål.

Dette vedtaket har ført til private initiativ der det er vist interesse for området.

I planprogram Nestangen står det på s. 26 under landbruk:

- Unngå bygging på matjord i heile kommunen og unngå ulemper for landbruket ved bygging og tiltak.

Vidare står det:

- Opne for at landbruksareal som ikkje er i aktiv drift vert tilgjengeleg som parsellhagar.

Ut frå dette er kommentarar og innspel utarbeidd.

Sogndal er ei bygd kjent for si gode jordsmonn. Her kan ein dyrke fram frukt og bær av ypparste kvalitet. Jorda er spesielt god for å produsere kvalitetsprodukt til nærmare ein kjem fjorden/strandlinja.

Det kjem fram i dokumentet at ein eigedomsutviklar ønskjer å bygge bustader av ulike kvalitetar på Nestangen. Det er ikkje enkeltpersonar som har hovedinteresse for eigedomsutvikling, som skal legge føringar på eit så viktig område. Her må myndigheiter og politikarar vise styrke. Punkta på s. 26 må takast på alvor. God jord og flate areal skal ikkje brukast til å bygge hus på. Hus kan byggast i skråningar og fjellsider. Flate areal er mangelvare i små bygder på Vestlandet. Til dømes er arealet over og under Røvhaugane eigna til bustadbygging, og vil vere svært attraktive for noverande og framtidige innbyggjarar i Sogndal.

Nestangen er Innfallsport til Sogndal.

- Ei større utbygging med bustader slik det har vore presentert, vert ei forringing av Sogndal sitt omdømme og identitet som ei bygd med natur og ivaretaking av fruktdyrking. Dette er det einaste område /innfallsport til Sogndal som visar identiteten til fruktbygda. Dette skil Sogndal frå mange andre samanliknbare tettstader.

Samfunnsansvar i 2023.

Det er ikkje av samfunnsinteresse og samfunnsverdi å bygge ned dyrka mark. I urolege tider nær oss i Europa, er det sett fokus på matproduksjon. Vi bør vere sjølvproduserande av den maten vi treng. Jordbruket er vår sikkerheit, vår beredskap. Det å bygge ned dyrka jord er ikkje i tråd med dette.

Det har ikkje stor nok verdi kva ein eigedomsutbygger ønskjer opp mot det som er samfunnsnyttige formål.

Det er ikkje vedtak frå 2013 som skal vere førande for korleis vi skal forvalte god matjord i 2023. I dokumentet er det lagt vekt på grønne verdiar og miljøsak for å ta området til bustader?????. Matjord er i aller, aller høgste grad ei miljøsak.

Vedtaket frå 2013 må revurderast, og sjå det i samfunnsperpektiv, kvar vi som nasjonen Norge står i dag i 2023. Vi har krigstrussel i Europa. Vi har alle, også Sogndal kommune, plikt til å ta det på alvor.

Med Helsing
Kari Aaberge

Sogndal kommune

postmottak@sogndal.kommune.no

Områdereguleringsplan for Nestangen

Innspel til planprogrammet med frist 5/5 2023

Dette innspelet er knytt til at eg er eigar av bustadhus i Hagebyvegen 6.

Overflatevatn

Eg er eigar av eigdommen innerst i Hagebyvegen, og opplever store mengder overflatevatn komme ned på tomten når været tilseier det. For nokre år sidan kom det også mykje vatn inn i huset. Ein områdereguleringsplan må ta tak i problematikken der eit større område vert sett under eitt. Her er det naudsynt å gjere vurderingar som inkluderer areal utanfor planområdet.

Det som står nedanfor er slik eg og fleire naboar meiner situasjonen er:

Overflatevatn har ikkje vore under kontroll ved store nedbørmengder i området Hagebyvegen og husa som er bygde like nedanfor. Det har vore fleire uønska situasjonar som kommunen skal vere orientert om.

Frå gammalt av har vatnet delt seg i to retningar på ryggen som utgjer Nes. I samband med etablering av bustadfeltet på Navarsete, vart det leia vatn mot nordaust. Det gjeld oppe ved Ortatjødni og det vart greve ei anna grøft under Røvhaugane nordaustover slik at meir overflatevatn kom ned inne ved Krossen. Grøfta under Røvhaugane er ikkje vedlikehalden og vi har sett at meir vatn enn frå gammalt av no kjem ned gamle Åbergevegen. Når vassføringa er ekstra stor, har overflatevatn komme ned over tomtene som nemnt ovanfor.

Kommunen set overflatevatn på dagsorden i områdereguleringsplanen. Kommunen har ansvar for tidlegare tiltak som ligg ovanfor den områdereguleringsplanen som no skal bli utvikla. Tidlegare tiltak påverkar situasjonen i området Hagebyvegen og husa som er bygde like nedanfor. Eg ber om at vedlikehald av gamle gøfter med føremål å kontrollere overflatevatn vert del av tema overflatevatn i planarbeidet.

Med helsing
Kari Aaberge

Lars Hustveit
Tjødnali 34
6856 Sogndal

Sogndal 4/5 2023

til Sogndal kommune
postmottak@sogndal.kommune.no

Områdereguleringsplan for Nestangen

Innspel til planprogrammet med frist 5/5 2023

Dette innspelet er knytt til at eg er eigar av bustadhus i Navarsetevegen 21.

Vi har ein detaljreguleringsplan for Navarsetevegen 21

I 2019 fekk vi utarbeida ein detaljreguleringsplan saman med 2 naboar. Utgangspunktet var at ein nabo (Løvik) hadde konkrete utbyggingsplanar. Vi fekk råd frå kommunen at det var ein fordel om fleire eigedommar vart trekt med når det først vart laga ein detaljreguleringsplan. Ut frå forsikring frå kommunen om at dette var ei framtidsretta investering, vart vi med i planarbeidet.

Vi ser no at den planlagde områdereguleringa formelt sett kan skippe eit dyrt og nytt reguleringsplanarbeid frå 2019. Vi føreset at så ikkje skjer og at områdereguleringarbeid vert sett i gang med ei klar føresetnad om at vår detaljregulering ikkje vert endra.

Kommentar til to forhold som vart vurdert i vår detaljreguleringsplan:

Trafikkavvikling i Navarsetevegen

Dersom planarbeidet fører til auka biltrafikk i Navarsetevegen, meiner eg ein mindre auke kan løysast med nokre få nye strategisk plasserte møteplassar. Blir trafikkauken stor, meiner eg at einvegskøyring bør bli vurdert.

Overflatevatn

Sjølv om situasjonen m.o.t. overflatevatn vart vurdert for vår detaljreguleringsplan, så vurderer vi dette som eit veikt punkt fordi detaljreguleringsplanen vår omfattar eit smalt og lite areal. Ein områderegulering har føresetnader i seg for å ta tak i problematikken på ein kvalitativ betre måte ved at eit større område vert sett under eitt. Her er det naudsynt å gjere vurderingar som inkluderer areal utanfor planområdet. Eg ber om at det blir gjort.

Overflatevatn har ikkje vore under kontroll ved store nedbørmengder i området Hagebyvegen og husa som er bygde like nedanfor. Det har vore fleire uønska situasjonar som kommunen tidlegare skal vere orientert om.

Slik oppfatar eg situasjonen: Frå gammalt av har vatnet delt seg i to retningar på ryggen som utgjer Nes. I samband med etablering av bustadfeltet på Navarsete, vart det leia vatn mot nordaust. Det gjeld oppe ved Ortatjødni og det vart greve ei anna grøft under Røvhaugane nordaustover slik at meir overflatevatn kom ned inne ved Krossen. Grøfta under Røvhaugane er ikkje vedlikehalden og vi har sett at meir vatn enn frå gammalt av no kjem ned gamle Åbergevegen. Når vassføringa er ekstra stor, har overflatevatn komme ned over tomtene som nemnt ovanfor.

Kommunen set overflatevatn på dagsorden i områdereguleringssplanen. Kommunen har ansvar for tidlegare tiltak som ligg ovanfor den områdereguleringssplanen som no skal bli utvikla. Tidlegare tiltak

påverkar situasjonen i området Hagebyvegen og husa som er bygde like nedanfor. Eg ber om at vedlikehald av gamle gøfter med føremål å kontrollere overflatevatn vert del av tema overflatevatn i planarbeidet.

Med helsing

Lars Hustveit
Eigar av gbnr 11/41

Lars Hustveit
Tjødnali 34
6856 Sogndal

Sogndal 4/5 2023

til Sogndal kommune
postmottak@sogndal.kommune.no

Områdereguleringsplan for Nestangen

Innspel til planprogrammet med frist 5/5 2023

Dette innspelet handlar om det som er omtala som «transformasjonsområdet» i planutkastet

Jordvern

Jordbrukseigedommane på Nes bør regulerast til landbruksføremål. Dette medfører at gamle vedtak (2013) må revurderast. Eg er derfor usamd i målsetjinga for planprogrammet.

Om ein ikkje har forstått det før, så må vi no forstå at matsikkerheit er ei viktig samfunnsoppgåve både ut frå klimaendringar og ut frå omsyn til beredskap i urolige tider. Å flytte matjorda har ikkje vist seg som løysing som sikrar profesjonell landbruksdrift.

Sogndal kommune må vise at dei tek samfunnsansvar for ressursen matjord og ikkje prioriterer kortsiktig eigedomsutvikling. Det er eigedomsutvikling som er drivaren slik planprogrammet framstår. Av og til må matjord vike til fordel for samfunnsinteresser av stor verdi. Det er i planprogrammet ikkje demonstrert samfunnsinteresser som er så store at omsynet jordvern må vike. Her må Sogndal kommune vise seg sitt delegerte ansvar verdig. Kommunen klarar å finne andre buområde for dei få innbyggjarane som det er skissert planar for her. Miljøvennlege transportløysingar er i rivande utvikling gjennom elektrifisering og framtidige sjølvkøyrande bussar. Argument om å bygge ned sentrumsnær matjord vert dermed sterkt svekka.

Frukthagane som identitet for Sogndal

Det som gir Sogndal sentrum særpreg og identitet, er dei sentrumsnære frukthagane. Sats på dette serpreget. Det føreset tilrettelegging for profesjonell fruktdyrking og langsiktig arealavklaring

Det er i planprogrammet vist til eit mål om å sikre ein inviterande innfallsport til Sogndal. Samstundes ønskjer ein parkeringsplassar for pendlarar på Nestangen. Desse to måla er vanskeleg å kombinere. Tettstadane vert meir og meir like..

Det utbygde området nordaust for rundkøyringa ved Loftesnesbrua.

Området som omfattar m.a. Tessbygget, bensinstasjonen med aktivitet på begge sider av vegen og Rocketfarm, kan bli ei attraktiv perle for Sogndal. Det er svært viktig at det vert lagt føringar på arealbruken her slik at arealet – **når** det er tilgjengeleg for endring - ikkje vert teke til det første behovet som melder seg. I planprogrammet vert det t.d. vist til lokale for Sogn brann og redning samlokalisert med teknisk etat, sivilforsvaret og ev Sognekraft. Arealet er alt for attraktivt til at slike funksjonar vert plassert her. Kommunen må ha «is i magen» og bruke arealet til aktivitet som verkeleg løftar bygda. Eg ber om at denne diskusjonen vert prioritert i det vidare arbeidet med områdereguleringsplanen.

Sogndal 4/5 2023
Lars Hustveit

Olav Paul Jakobsen
Gildevangen 17
6856 SOGNDAL

Sogndal 05.05.2023

Sogndal kommune
Boks153
6851 SOGNDAL

Innspel til planprogram Nestangen-områderegulering.

Som eigar av gnr. 11 bnr. 87, Navarsetevegen 23 har eg fyljande innspel.

Eg støttar framlegget om å gjera nedre del av Navarsetevegen om til gang og sykkelveg med tillate køyring til eigedommane. Ei naturleg avgrensing vil vel vera der Navarsetevegen byrjar i vest (Svabakken) og innover slik at ein dekkar opp eigedommane vest for ny avlastingsveg for utbyggingsområdet på Nes. Ei naturleg grense i aust vil vera ved min eigedom. For meg er det av stor betydning å ha lett tilkomst til gardstunet på gnr. 11 bnr. 1 som son min eig då dette vert drifta av oss i fellesskap.

Med helsing

Olav Paul Jakobsen

Innspel til planprogram Nestangen – områdereguleringsplan

Vi viser til brev frå Sogndal kommune av 27.03.2023 med frist 07.05.2023 for å kome med innspel. Vi vil som eigarar av Navarsetevegen 12 (gnr/bnr 11/17) kome med følgjande innspel til planarbeidet.

1. Vi støttar framlegget om å gjere nedre del av Navarsetevegen til om til gang- og sykkelveg med tillate køyring til eigedomane. Køyring til eigedomane må kunne skje i både retningar (ikkje einvegskøyring), fordi avkøyrslene vender både vegar. Høveleg avgrensing er frå der Navarsetevegen startar ved Kulturhuset til der det bør bli ein avlastingsveg gjennom planområdet på Nes, slik planprogrammet omtalar. Vi støttar difor planane om ein avlastingsveg for Navarsetevegen gjennom planområdet for nye bustader på Nestangen. Dette nye bustadområdet, med mange bueningar, må uansett ha tilkomst frå Nes og ikkje via nedre del av Navarsetevegen, for det vil ikkje vegen tåle. Vi legg til at det meste av biltrafikken i nedre del av Navarsetevegen i dag er gjennomkøyring, og ikkje køyring til og frå eigedomane på denne strekninga.
2. Folk vil alltid føretrekkje den nedre delen av Navarsetevegen som gangveg til Fjøra og Amfi Sogningen, fordi den er relativt flat og i same høgde som sentrum. Med nedre del av Navarsetevegen som gang- og sykkelveg er det ikkje behov for å binde saman med gangvegar over Navarsetevegen 18 og 20 og mellom oss og Navarsetevegen 42 til Hovsmarki, slik det er antyda i planen (foto s. 17). Vi er sterkt imot ein gangveg mellom oss og Navarsetevegen 42, fordi det vil gripe svært negativt inn på privatlivet på vår eigedom. Det vil bli trafikk og ferdsel tett på huset vårt på både sider. Når nedre del av Navarsetevegen vert gangveg er gangvegsystemet godt nok for framtida, også fordi det i dag er tilkomst frå øvre del av Navarsetevegen til Hovsmarki (vest for Navarsetevegen 42). Denne gangvegen er mykje nytta av folk i midtre og øvre del av Navarsetevegen, saman med gangvegen Grøtbakken mellom Navarsetevegen 16 og Navarsetevegen 18.
3. Både gangvegen Grøtbakken og gangvegen Teodorbakken frå Navarsetevegen ned til Sogndal Folkehøgskule er dessutan ikkje vist på foto nedst på s. 17 over gangvegsystemet. Dette må rettast opp. Når ein i tillegg har Fjordstien som er svært mykje brukt som gangveg, er det ikkje bruk for fleire gangvegar i området.
4. Vår eigedom gnr/bnr 11/17 er relativt stor, og vi ser at det ein gong i framtida kan bli behov for fortetting slik det har vorte i sentrumsnære område. Vi ser at det då i så tilfelle kan vere aktuelt å regulere ei bustadtomt på oversida av huset vårt med tilkomst frå Hovsmarki, noko kommunen visstnok vurderte på slutten av 1990-talet. Dette vil vere ein langt betre bruk av eigedomen vår enn ein gangveg som det ikkje er behov for. Vi ber difor om at det i øvre del av vår eigedom vert regulert inn ei bustadtomt på vår eigedom ovafor huset vårt. I tillegg ser vi at det kan bli ei bustadtomt (for einebustad) vest for bustaden vår (der løa vår står), dvs. mot Navarsetevegen 14, med tilkomst frå Navarsetevegen. Avgrensing av dei to bustadtomtene på eigedomen vår (i tillegg til bustaden vår) må vi kome tilbake til seinare. Heile eigedomen vår vert då å regulere til bustadformål, med vanleg utnytting for einebustad.

Oppsummert:

- Steng nedre del av Navarsetevegen for gjennomkøyring, med berre tillate køyring til eigedomane frå både retningar. Nedre del av Navarsetevegen vert då gang- og sykkelveg med køyring berre til eigedomane.
- Det må byggjast ein avlastingsveg med tilkomst til midtre og øvre delar av Navarsetevegen gjennom reguleringsområdet for bustader på Nestangen.

- Gangvegssystemet i området vert då meir enn godt nok, og gangveg (samanbinding) bak Navarsetevegen 18 og 20 (Randmo) og bak vår eigedom er unødvendig. Vi er mot ein gangveg på vår eigedom i grensa mot Navarsetevegen 42.
- Gangvegane Grøtbakken og Teodorbakken må teiknast inn på kart over gangvegar.
- Vi ber om at heile eigedomen vår gnr/bnr 11/17 vert regulert til bustadformål med utnyttingsgrad som einebustader, og at det vert regulert inn to nye bustadtomter for einebustad på eigedomen vår: ei bustadtomt i øvre del av tomta vår, dvs. ovafor bustadhuset vårt, og ei bustadtomt mellom bustadhuset vårt og Navarsetevegen 14.

Til slutt legg vi til at vi meiner det vil vere tenleg med ei synfaring i området for å kunne gå gjennom det vi tek opp i innspelet vårt.

Tom Dybwad og Eli Mundhjeld
Navarsetevegen 12 (gnr/bnr 11/17)
6856 Sogndal

Oppdragsgjevar: **TESS Sogndal**

Oppdragsnr.: **5003345** Dokumentnr.: **001**

Til: Sogndal kommune v/Plan og samfunn

Frå: Cornelis Erstad

Dato 2023-05-03

► TESS Sogndal - Innspel til oppstart av områdeplan for Nestangen

På vegne av TESS Sogndal leverer Norconsult AS innspel til oppstart av områdeplan for Nestangen.

TESS Sogndal er festar av g/bnr. 11/5/5 på Nestangen. I festeavtalen inngår det også at grunneigar pliktar å gje plass til tilkomstveg på vestsida (g/bnr. 11/5/6) av festearealet, som skal nyttast i drifta av TESS. Festekontrakten gjeld fram til 2044 og er utan utkjøpsklausul.

TESS Sogndal er ein godt etablert serviceleverandør til næringslivet og privatpersonar. Tilsette og kundar er godt nøgde med å ha eit svært føremålstenleg lokale med omsyn til dei varene og tenestene som vert levert. Butikken sel primært spesialtilpassa slangar, trykk på klede og gass. Handelsstatistikk dokumenterer at butikken er den mest besøksintensive forretninga i Sogndal. Tomta er allereie svært godt utnytta og det er tilnærma umogeleg å utvide bygningsmassen utan å kome i konflikt med naudsynt parkeringsareal eller byggjegranser mot nabo eller fylkesveg. Allereie i dag er det ei utfordring å kunne tilby tilstrekkeleg parkeringsareal til både kundar, tilsette og andre bedrifter i bygget. I bygget er det i dag 43 fast tilsette fordelt på TESS, GK og Holen Elektriske. TESS Sogndal er oppteken av å framstå ryddig og inviterande både for kundar og forbipasserande, og nyttar seg difor heller ikkje av utandørs lagring.

TESS Sogndal har korkje ønskje eller behov for å flytte verksemda si, som følgje av ein ny områdeplan og/eller påfølgjande detaljreguleringsplan. Bedrifta har forståing for at Sogndal kommune ønskjer å regulere ein fleksibel arealbruk på eigedommen, men ønskjer at områdeplanen samstundes også legg til rette for at TESS kan halde fram med sin verksemd, utan at ein ved søknadspliktige tiltak også må søkje dispensasjon(ar) frå gjeldande plan.

I gjeldande arealdel til kommuneplanen for Sogndal kommune går det fram av føresegn 1-1 at heile området avsett til sentrumsføremål på Nestangen, skal vere del av områdeplan. TESS Sogndal etterlyser difor argumentasjonen for kvifor planarbeidet ikkje også omfattar sentrumsføremålet lengst nord og kvifor kommunen ikkje følgjer opp eigne føresetnadar i overordna plan? Etter TESS Sogndal sin vurdering vil ein med dette mellom anna miste mogelegheita til å sjå på alternative vegløyningar for området. Slik kan ein ikkje vere trygg på at løysingane og ny arealbruk som vert lagt fram i områdeplanen, faktisk kan vere dei beste for området som heilskap. **TESS Sogndal ønskjer snarleg ein konkret og grunngjeven skriftleg attendemelding frå kommunen på dette.**

I planprogrammet til områdeplanen går det fram at to ulike mogelegheitsstudiar, laga av TAG arkitekter og Lala Tøyen og Stiv Kuling, vil vere viktige grunnlag for det vidare planarbeidet. Mogelegheitsstudien frå TAG arkitekter er den tydeleg mest innhaldsrike med omsyn til utvikling av Nestangen. På side 27 i studien er det gjort ein vurdering av «bevegelige» og «faste» tomter. «Bevegelige tomter» er tomter der det er definert å vere potensiale for utbygging og fortetting. Det går ikkje fram av studien kvifor eigedommen til TESS Sogndal er vurdert å vere ein «bevegelig tomt», medan t.d. Rockehouse også på Nestangen er ein «fast tomt». Begge eigedomane vert nytta av godt etablerte bedrifter, som sørgjer for stor verdiskaping i lokalsamfunnet.

TESS Sogndal ønskjer snarleg ein konkret og grunngjeven skriftleg attendemelding frå kommunen på kvifor deira tomt er definert som «bevegelig», også sett i lys av andre samanliknbare tomter som er definert som «faste». I same attendemelding ønskjer ein også svar frå kommunen på om eigedommen til TESS vert vurdert som lettare å transformere enn tilsvarande tomter innanfor

Oppdragsgiver: TESS Sogndal
Oppdragsnr.: 5003345 Dokumentnr. 001

planområdet, og i tilfelle kvifor interessene og verksemda til TESS Sogndal vert vurdert som mindre viktige enn t.d. Rockethouse.

På side 32 i studien frå TAG arkitekter går det også fram at ein transformasjon på Nestangen vil kunne gje området ein meir urban utforming, der attraktive næringslokale og kontorarbeidsplassar vert etablert tettast på vegen. Frå TESS Sogndal sin ståstad er dette ein god omtale av korleis tomta deira vert nytta allereie i dag. Det eksisterande næringslokalet ligg tett på vegen, det er dokumentert attraktivt for kundar og tilbyr i tillegg over 30 kontorarbeidsplassar til andre verksemdar. Dette er også eit opplagt argument for at interessene til TESS Sogndal bør ivaretakast i det vidare planarbeidet.

I planprogrammet, skrive av Sogndal kommune, går det fram at eit viktig prinsipp for gjennomføring (av områdeplanen) vil vere semje mellom grunneigarar og utviklarar, samt politisk støtte for planen. I lys av dette vil TESS Sogndal understreke at ein områdeplan som ikkje tek omsyn til vidareføring av deira interesser, heller ikkje vil legge grunnlag for semje og samarbeid.

I planprogrammet går det også fram at i samband med utvikling av plangrepet skal konsulent utarbeide 1-3 skisser for utbyggingskonsept. Desse skissene skal vere gjenstand for innspel/drøfting saman med interessentar i medverkinga. I samband med dette vil TESS Sogndal allereie no melde sin forventning til å verte involvert i prosessen med utarbeiding av dei skissene som omfattar deira eigedom og interesser. **TESS Sogndal forventar å verte invitert av konsulent for involvering i dette arbeidet – på eit tidleg tidspunkt i prosessen.**

Kontaktperson for TESS Sogndal er Øyvind Brox.

Tlf. 95 22 28 77

E-post: oyvind.brox@tess.no

J02	2023-05-03	For bruk	CorErs		
B01	2023-05-02	For kommentar frå oppdragsgjevar	CorErs	TMK	CorErs
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult AS. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

Lars Hustveit

Tjødnali 34

6856 Sogndal

Sogndal 6/6 2023

til Sogndal kommune

postmottak@sogndal.kommune.no

Områdereguleringsplan for Nestangen – merknad til kommunen si saksframstilling

Merknaden er knytt til Merknadsskjema dagsett 24.05.23

Jordvern

Det er fleire innspel knytt til jordvern som i realiteten er kritiske til gamle arealplanvedtak i Sogndal. Også Statforvaltaren ser grunn til å påpeike at gjeldande planverk fører til manglande måloppnåing med omsyn til jordvern. I staden for formalargumentasjon for å unngå problemstillinga, vil eg sterkt oppmode Sogndal kommune til å handtere temaet i jordvern. Merknaden er uansett relevant for arealdelen i kommuneplanen. Eg forstår at denne skal ut på høyring med det første

Overflatevatn

Poenget med planlegging må mellom anna vere å løyse problem. Overflatevatn er påpeika som eit problem. Kommunen har sjølv bidrege til tidlegare å ha endra situasjonen med omsyn til kvar vatnet renn. Å bestemme seg for at planlegginga skal ta opp handtering av overflatevatn, men samstundes ikkje ville ta problemet overflatevatn der det er effektivt å angripe problemet er formalistisk og vanskeleg å forstå.

Eg ber om at desse merknadene føl saka vidare.

Sogndal 6/6 2023

Lars Hustveit

Eigar av gbnr 11/41



KYSTVERKET

Sogndal kommune
Postboks 153
6851 Sogndal

Dykkar ref
2022/4605 - 44

Vår ref
2023/1621-2

Arkiv nr

Sakshandsamar
Jan Olsen

Dato
31.03.2023

Fråsegn til oppstart av planarbeid - områdereguleringsplan Nestangen - Sogndal kommune - Vestland fylke

Vi syner til brev av 24.03.2023 med varsel om oppstart av arbeid med områderegulering for Nestangen i Sogndal kommune. Målet med områdeplanen er å setje rammer for utvikling av området og auke tilgangen på område for bustadutbygging med stadtilpassa arkitektur og gode uteområde.

1. Grunnlaget for Kystverket sitt engasjement i planarbeidet

Kystverket er ein nasjonal etat for kystforvaltning, sjøsikkerheit og beredskap mot akutt forureining. Kystverket tek ansvar for sjøvegen og produserer viktige fellesgode for samfunnet. Det overordna målet for den nasjonale transportpolitikken er eit transportsystem som er sikkert, fremjar verdiskaping og medverkar til omstilling til lågutsleppsamfunnet. Vidare er det eit nasjonalt mål å flytte godstransport frå veg til sjø. Kystverket har fått i oppgåve å bidra til å utvikle eit heilskapleg transportsystem.

Eit velfungerande sjøtransportsystem samansett av farleier, hamner og hamneterminalar er svært viktig for næringsutvikling og busetnad langs kysten, for at norske bedrifter kan inngå i komplekse og globale handels- og produksjonssystem, i tillegg til at personar skal kome seg mellom heimstad og arbeidsplass.

Kystverket har rettleiing og informasjon om vår rolle i arealplanlegginga på nettsidene våre. Her finn ein også styrande dokument som ligg til grunn for vår medverknad i planlegging etter plan- og bygningsloven.

Planarbeidet i Sogndal kommune røyver ved Kystverket sitt saksfelt og vi har då rett og plikt til å delta i planlegginga, jf. plan- og bygningsloven sin § 3-2 tredje ledd.

2. Innspel til planen


Planområdet som går ut i sjø ligg ved Sogndalsfjorden ved Sogndal om lag 300 meter frå næraste farleiområde til bilei 2303 Sogndalsfjorden.

Det er viktig at det ikkje vert planlagt for tiltak som avgrensar sikker og effektiv ferdsel for sjøtrafikken.

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,
6025 ÅLESUND

Telefon: 07847
E-post: post@kystverket.no
Internett: <https://kystverket.no>

Org.Nr.: 874783242
Bankgiro: 7694 05 06766



2.1 Konsekvensutgreiing

Plan- og bygningsloven sin § 4-1 første ledd, set rammer for kva planar som skal ha planprogram og § 4-2 andre ledd, set rammene for kva planar som skal ha konsekvensutgreiing. Etablering av tiltak i eller nær sjø kan få verknad for trygginga av og framkome i farvatnet og skal difor vere del av utgreiingsarbeidet. Gjennom planmedverknaden vil vurderinga om planforslaget medfører vesentlege konsekvensar eller verknadar i farvatnet, strandsona eller hamnene, vere sentralt for Kystverket. Vi gjer merksam på at det for reguleringsplanar som kan få vesentlege verknadar for miljø og samfunn kan vere krav om konsekvensutgreiing, jf. plan- og bygningsloven § 4-2.

Kystverket registrerer planstyresmakta si avgjersle om at planen er ikkje løyser ut krav til konsekvensutgreiing og har ikkje kommentarar til dette.

2.2 ROS-analyse – arealplanar som ikkje krev konsekvensutgreiing

Det følgjer av pbl sin § 4-3 om samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse at:

Analysen skal syne alle risiko- og sårbarheitstilhøve som kan vere viktig for om arealet er eigna til utbyggingsformål og eventuelle endringar i slike tilhøve som følgje av planlagt utbygging.

Kommunen må i sin ROS-analyse syne kva ein endra arealbruk vil ha å seie for omgjevnadane, men og på kva måte omgjevnadane kan påverke arealbruken i planområdet.

Kystverket si vurdering er at følgjande tilhøve kan ha særleg verknad for tryggleik, ferdsel, forsvars- og beredskapssinteresser i farvatnet. Dette er tilhøve som må ein må gje særleg fokus i kommunen sin ROS-analyse (lista er ikkje uttømande):

- bølgeverknader frå skipstrafikk
- innsnevra farvatn (kollisjonsrisiko)
- risiko for samanstøyt med bygningar, brukar osb.

3. Oppsummering

Med den informasjon som her er lagt fram til oss, så har Kystverket ikkje andre merknadar utanom å minne om at tiltak i og ved sjø også må vurderast etter reglane i hamne- og farvasslova § 14.

Med helsing

Jan Morten Hansen
avdelingsleiar

Jan Olsen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Sogndal kommune
Postboks 153
SOGNDAL

Vår ref.	Dykkar ref.	Sakshandsamar:	Dato:
2023/2189 - 2		Marlene Kvammen	29.03.2023

Uttale til varsel om oppstart av planarbeid og høyring av planprogram – Nestangen, Sogndal kommune

Viser til områdereguleringsplan Nestangen, varsel om oppstart av planarbeid og høyring av planprogram, datert 24.03.2023.

Me føreset at gjeldande lover, forskrifter og retningslinjer blir lagt i grunn for arbeidet, slik at branntryggleiken blir ivareteken. Dette inkluderer også tilkomst for brannvesenet samt tilstrekkeleg sløkkevatn.

Me ber om orientering ved eventuelle planar om utbygging.

Viser elles til retningslinjer for tilrettelegging for rednings- og sløkkemannskap i SBR IKS;
<https://www.sognbrann.no/tilrettelegging-for-brannvesenets-tilskomst.588713.no.html>

Med venleg helsing
Sogn brann og redning IKS

Marlene Kvammen
branninspektør
Tlf: 99413171

SOGNDAL KOMMUNE
Postboks 153
6851 SOGNDAL

Dato	05.05.2023
Vår referanse	2023/55540-9
Dykkar referanse	2022/4605 - 44
Sakshandsamar	Ingeborg Klokkersund Djupevåg
E-post	Ingeborg.Klokkersund.Djupevag@vlfk.n
Telefon	o 57638130

Fråsegn til oppstart av planarbeid - områderegulering - Nestangen - Sogndal kommune

Vi viser til brev datert 24.03.23 om oppstart av arbeid med områderegulering for Nestangen. Hovudføremålet med områdereguleringsplanen er å utvikle Nestangen til en inviterande innfallsport og berekraftig ny del av tettstaden, med gode kvalitetar og oppvekstvilkår. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til sentrumsføremål og bustad. I tillegg er det areal langs fjorden som er sett av til turdrag, og andre typar busetnad og anlegg ved Kløvhola. Den nye kommuneplanen som er under utarbeiding, legg ikkje opp til vesentlege endringar i arealføremål på Nestangen. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing, da ikkje utbygde areal innanfor planområdet var konsekvensutgreidd som del av KPA 2013-2023

Vestland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga/planprogrammet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. For kommunar i gamle Sogn og Fjordane og Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane innanfor dei tidlegare fylkesgrensene fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

Vurdering og innspel

Nestangen ligg i møtet mellom Sogndalsfjorden og Barsnesfjorden og er Sogndal sin innfallsport frå nord og aust. Planområdet som eit viktig historisk, geologisk (sentral morenebakke) –og visuelt landskap og utvikla kulturlandskap (frukt dyrking). Nestangen er fysisk og visuelt sentral i si plassering, har kvalitet av å vera ein bakke og ein grøn struktur (passasje) som er samanhengande frå fjord til fjell. Lokalt har området eigenskapar og kvalitetar det er viktig å ta vare på i høve utvikling av ein attraktiv og berekraftig tettstad med særpreg og identitet. Det er positivt at kommunen utarbeidar ei områderegulering som kan sikre heilskapleg utvikling av området. Planprogrammet viser gode og høge ambisjonar for utviklinga av området og listar opp mange oppgåver som vi også ser som viktige premiss for ei berekraftig utvikling av Nestangen.

Det kan vere positivt at denne områdereguleringa utarbeidast parallelt med områdereguleringa for Nestangen, fordi dei to områda da kan sjåast i samheng med kvarandre, og at ein kan legge til rette for å knyte saman gang- og sykkelvegar i Sogndal sentrum. Vi merkar vi oss at området på Rutlin/Ulvahaugen er noko tettare utbygd og at mykje blågrøn struktur er bygga ned, medan området på Nestangen er meir opent, og har ei anna karakter. Det er viktig å ta dette med seg i vidare arbeid. Her er det viktig å sjå på korleis ein kan byggje vidare på dei kvalitetane som finst knytt til kulturmiljø og kulturlandskap, og moglegheita for å bruke desse inn i vidare planarbeid. Ein bør sjå moglegheitene for bruk og ombruk av det som allereie finst og allereie utbygde areal.

Planfaglege merknadar

Regionale føringar

Vi ser at planprogrammet ikkje syner til [Utviklingsplan for Vestland 2020-2024](#), regional planstrategi,

under regionale føringar. Denne skal liggje til grunn for kommunal planlegging i Vestland.

Konsekvensutgreiing

Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyer krav om konsekvensutgreiing etter forskrift om konsekvensutgreiing kap.2, § 6 b, og skriv at ikkje utbygde område vart konsekvensutgreidd i samband med eksisterande arealdel 2013-2023. Dette er noko upresist, og må rettast opp. Det ikkje utbygde området på Nestangen var omregulert frå LNF-føremål til næringsføremål ved rullering av KPA i 2008, og vart konsekvensutgreia for dette føremålet. I samband med rullering av KPA i 2013 blei området på Nestangen sett av til sentrumsføremål, og det vart sett krav om områderegulering for å sikre heilskapleg planlegging og høgare grad av medverknad. Det var ikkje gjort ny konsekvensutgreiing i 2013.



Kartutsnitt frå KPA 2008-2018 som viser at området er regulert til næringsføremål.

Vi kan ikkje sjå at konsekvensutgreiinga seier noko om konsekvensane for born og unge. Noko av forklaringa er nok at området har gått frå næringsføremål til sentrumsføremål. Planprogrammet syner eit fokus på familiebusstader i området, som gjer at det vil bli fleire born som mellom anna skal bevege seg til og frå skule. Vi oppmodar om at tryggleik for born vert særskilt sett fokus på i vidare planarbeid, for å unngå at fleire familiebusstader førar til auka bilkøyning.

Temaet klimatilpassing og klimagassutslepp er ikkje utgreia i konsekvensutgreiinga frå 2008. Dette var ikkje vanlege utgreiingstema på denne tiden, men med ny og betre kunnskap oppmodar vi om at desse konsekvensane vert vurdert i vidare planarbeid og skildra i planomtalen. Mellom anna omfattar planområdet eit stort areal bestående av fulldyrka jord med frukthagar, der hydrologiske forhold vil endrast ved utbygging.

Medverknad

Kommunen plikter til å skape engasjement i medverknadsarbeidet i kommunale planar. Kommunen må aktivt ut i befolkninga, og få til reell medverknad. Medverknad kan auke sjansen for vellukka resultatantar i stad- og samfunnsutvikling. Plan for medverknad skildrar godt korleis medverknadsprosessen er planlagt organisert og gjennomført i samband med områdereguleringssplanen. Vi rår kommunen til å nytte lokal kunnskap og medverknad inn i stadanalysen for å få eit best mogleg grunnlag for utviklingskonseptane som skal utarbeidast. Samtidig vil det kunne bidra til å nå målet de skisserer med stadanalysen. Frå planprogrammet merkar vi oss at målet med stadanalysen er å:

- *Gje eit betre grunnlag for forståing for området, som igjen skapar betre dialog*
- *få eit godt rammeverk for gode, stadstilpassa prosjekt*
- *identifisere relevante kvalitetar og føringar*

Slik vi forstår det vil ein ha klart nokon utviklingskonsept basert på stadanalysen før ein går i gang med dialogen med brukarar av området. Vi rår om medverknad også inn i stadanalysen før ein begynner å arbeide med utbyggingsalternativa. Vi meiner at mange av temaa som skal undersøkast i stadanalysen krev at ein involverer brukarane av området. Det vil vere føremålstenleg å sørge for aktiv medverknad også inn i analysen og denne tidlege delen av arbeidet, både for ein betre forståing av området, for å betre dialogen, for å identifisere kvalitetar i området og for å forstå staden si historie. Innbyggarane sit på mykje av kvardagserfaringane med området, og mange kan ha viktig informasjon om området over tid, kva som fungerer og ikkje fungerer. Sjølv om dette kan vere tidkrevjande i starten, kan ein spare inn tid seinare ved at ulike forhold blir avdekkja før utbyggingsalternativa presenterast. Stadanalysen bør skape ein god felles forståing av kvalitetar og forbetringspotensial i området. Lokalkunnskap bør liggje til grunn for utviklingskonsept.

Den eldre generasjonen må møtast på deira premiss i medverknadsprosessen. Dette er ein differensiert gruppe, noko som krev variasjon i møteform for at dei skal vere aktive samfunnsdeltakarar. Klarspråk er viktig. Det er også viktig med forventningsavklaringar og ein klar rolleforståing for å gjere arbeidet interessant og for å få best utbytte av prosessen.

Stadanalyse

Stadanalysen som skisserast i planprogrammet viser gode og ambisiøse intensjonar for området, med mange viktige tem. Vi vil særskilt trekkje fram nokre temaa og omsyn som meiner er viktig for analysen og planarbeidet.

Vi ynskjer å framheve viktigheita av **landskap og grønstruktur** som premiss for **arkitektur, bebyggelse og utbyggingsstrukturen**, og difor å sjå desse to temaa i samanheng. Ryggen frå fjellet og ned til fjorden er det grønne primærdraget i landskapet. Vi oppmodar om at ryggen og delar av noverande jordbruksareal får fortsette å vere grønne korridorar for å ivareta landskapspreget. Vidare rår vi til å bruke stadanalysen til å definere kva ein legg i fortetting med kvalitet i dette området, slik at områdeplanen kan gi konkrete føringar for detaljplanar og byggjetiltak. Vi ynskjer å framheve viktigheita av temaa **kulturminne og kulturmiljø** inn i stadanalysen, og oppmodar om å undersøke korleis desse verdiane kan styrkast og byggjast vidare på.

Når ein arbeider med bu-kvalitet og høg tettheit, blir det særskilt viktig å undersøke korleis ein kan få til overgangane mellom offentlege, semi-offentleg og private sonar. Vidare rår vi til undersøke korleis ein kan få til ei samansett og variert utbygging, i motsetning til et repiterende og einsforming uttrykk.

Klima og energi

Regional plan for klima 2022-2035, med tilhøyrande handlingsprogram, blei vedtatt i fylkestinget 15. desember 2022. Klimaplanen er eit verktøy for å styrke klima- og miljøarbeidet i Vestland. Klima og miljø skal vere eit premiss for samfunnsutviklinga, og skal inngå i alt vi gjer. Vestland skal vise vegen mot det gode, berekraftige og trygge nullutsleppsamfunnet. Følgjande retningslinjer frå planen er av særskilt betydning for denne områderuleringsplanen:

1. I utviklinga av byar og tettstadar i Vestland skal det bli lagt til rette for redusert transportbehov og fossilfrie transportformer.
2. I regionale og kommunale planar skal det leggst til rette for at fleire skal kunne gå og sykle i staden for å nytte bil.
6. Regional og kommunal planlegging skal sikre at jordvern blir eit overordna omsyn i arealplanlegginga.
7. I regional og kommunal arealplanlegging skal ny utbygging skje på ein skånsam måte som tek i vare naturressursane, biologisk mangfald og dei nasjonale jordvernmåla. Næringsutvikling bør bli prioritert på allereie utbygde areal, for å sikre berekraftig bruk av naturressursar og dyrka jord
9. Ved rehabilitering og nybygg bør det nyttast byggematerial med lågast mogleg klimafotavtrykk i eit livsløpsperspektiv.
10. Klimaendringar skal inngå som vurderingstema i regional og kommunal planlegging, der høge alternativ frå nasjonale klimaframskrivingar vert lagt til grunn.
12. Regionale og kommunale planar bør identifisere og handtere ulike former for klimarisiko i si planlegging.

13. Regional og kommunal planlegging skal ta høgde for eit endra klima og redusere fare for skader knytt til auka nedbør, flaum og havnivåstiging. Dette ved å unngå arealinngrep nær bredda av vassdrag, bekkar, sjø og i strandsona, og sikre areal til overvasshandtering. (For meir detaljerte retningslinjer for overvasshandtering, sjå Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027[1] og NVE sin rettleiar for handtering av overvatn
16. I regional og kommunal planlegging skal naturbaserte løysingar for klimatilpassing prioriterast der dette er mogeleg.
17. Vi bør unngå utbygging på karbonrike areal, som myr, våtmark og skog. Om tilstrekkelege kartleggingar ikkje er gjort skal føre-var-prinsippet leggest til grunn (jf. Naturmangfaldlova §9).
22. I regionale og kommunale planprosessar som omhandlar klimaomstilling bør sosiale og helsemessige konsekvensar av tiltaka bli vurdert, samt omsynet til menneske med nedsett funksjonsevne.
13. I kommunal og regional planlegging bør det leggest vekt på gode heilskaplege løysingar og ta i vare økosystem og arealbruk med betydning for klimatilpassing som bidreg til auka kvalitet i uteområda.

Klimagassutslepp

Nybygging er eit viktig bidrag til klimagassutslepp. Det er derfor positivt at klimavenlege material er nemnd som ein sentral oppgåve i vidare planarbeid. Vi oppmodar vi om at føresegna definerer krav til materialbruk og energiløysingar i nye bygg, for både bygge- og driftsfase, og i et livsløpsperspektiv. Haldbar og berekraftig byggeskikk tek omsyn både til sosiale høve og naudsynte tiltak for klimaomstilling. Til dømes bør ein unngå å bruke betong der det er mogleg ettersom betong har eit høgt klimafotavtrykk. Det er positivt at kommunen ser plassering av bygg/byggestruktur i forhold til vind og mikroklima som ei sentral oppgåve i planarbeidet. Dette kan gi både betre bu- og utemiljø og fremje sosial berekraft. Det kan også bidra til energieffektivisering og til mindre behov for vedlikehald.

Vi oppmodar om at det vert tilrettelagt for og sett krav til tilrettelegging for ladeinfrastruktur. Stadig større del av bilparken er nullutsleppskøyretøy, og det er viktig å ta omsyn til dette i utbygging av planområdet. I planar for bustadar vil dette truleg auke attraktiviteten. Å legge til rette for ladeinfrastruktur som dekker framtidige behov gir ein monaleg lågare kostnad, i forhold til å etablere dette i ettertid. Vi oppmodar også om at det settast krav til sykkelparkering under tak ved nye utbyggingsprosjekt, for å gjere det enkelt og trygt å nytte sykkel til daglege målpunkt

Klimatilpassing

Som nemnt innleiingsvis merkar vi oss at klimatilpassing ikkje er eit tema som er vurdert i KU til eksisterande arealdel frå 2013 eller tidlegare KPA frå 2008. I planområdet ligg det område som i dag er jordbruksareal, men som er sett av til sentrumsføremål i noverande arealdel. Ved ei utbygging i desse områda vil ein auke tetta flatar som vil føre til meir overflatevatn og potensielle negative konsekvensar for områda rundt. Dette må inkluderast i vidare planarbeid og sjåast i samanheng med eksisterande blågrøne strukturar.

Vi stillar oss svært positiv til at kommunen ynskjer å prioritere naturbaserte løysingar for overvasshandsaming med blågrøn infrastruktur som tydeleg element i utbyggingsmønsteret. Vi rar til å sjå utgreiingstema landskap og grønstruktur i samanheng med klimatilpassing og overvasshandsaming. Viktige elvar og/eller bekkar og sårbare artar som skal identifiserast i planarbeidet kan takast med inn i arbeidet med blågrøn infrastruktur og overvasshandsaming. I området har ein også eit potensiale for å restaurere og reparere elvar/bekkar som er lagt i røyr og øydelagt blågrøn struktur, og gjere desse til ein sentral del av utviklinga i området. Bekkeopning er et nyttig verktøy for å handtere overvatn. Atterskaping av naturlege vassvegar kan gi betre flaumsikring og enklare vedlikehald av vassdrag. Det kan ha ein rekke positive effektar for menneske og biologisk mangfald i nærmiljøet, i tillegg til å auke hydraulisk kapasitet. Vi rår til at potensiale for restaurering/reparering vert del av utgreiinga.

Denne rettleiaren for lokal overvasshandsaming gir konkrete dømer på føresegner knytt til overvasshandsaming i reguleringsplan (s.42) og ei sjekklister for planlegging og utbygging (s.44). Rapporten Naturbaserte løysingar for klimatilpassing gir også gode og konkrete dømer på korleis ein kan nytte naturbaserte løysingar som ein del av klimatilpassing, og er delt opp tematisk etter type hending.

Folkehelse

I planarbeid med bustadutbygging er det særleg viktig å legge fokus på gode bu- og nærmiljø, som legg til rette for både formelle og uformelle møteplassar. Det er viktig at alle, på tvers av alder, funksjonsnivå og bakgrunn, kan delta. Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 slår fast at:

«Vi skal styrke innsatsen mot opphoping av levekårsutfordringar, og utvikle eit variert bustadtilbod med god kvalitet, tilpassa behovet og i alle prisklasser. Bustadområda skal planleggast for sosial blanding med høg kvalitet i uteareala og god tilgang til kollektivtilbod.»

Vi rår difor til at områdeplanen legg til rette for eit variert bustadtilbod som kan bidra til sosial utjamning. Vi oppmodar også om at det vert sett fokus på aldersvenleg samfunnsutvikling i planarbeidet. Aldersvenleg utvikling har som mål å skape samfunn som er tilgjengelege og inkluderande, og som fremjar aktiv aldring. Det handlar både om fysiske og sosiale omgjevnader. Universell utforming av våre omgjevnader er en forutsetning for eit aldersvenleg samfunn, og gjer at alle kan delta. Det handlar om korleis vi skaper og utviklar nærmiljø og lokalsamfunn, bustader, møteplassar, transportløyningar og aktivitetar i byer og tettstadar, slik at behova til ei mangfaldig gruppe eldre innbyggjar blir teke i vare på en god måte. Difor er det viktig at lokalkunnskap nyttast ved å inkludere dei eldre innbyggjarane på deira premiss. Planprogrammet viser til universell utforming av uteområde, men temaet bør også framhevast og utdjupast i samband med utforming av bustader. Vår erfaring er at det ikkje er nok å vise til TEK17.

Her er finn de eit nytt hefte med dømer på universelt utforma og aldersvenlege uterom og møteplassar - KS

Fortetting er eit bra tiltak i lys av reduksjon av klimagassutslepp og for å ta i vare natur, men det er viktig at ein tek høgde for sosial berekraft. Natur tett på der ein bur er viktig for helse og trivsel. Særskilt eldre, unge og menneske med nedsett mobilitet må ha tilgang til natur i nærområdet. Gode liv i store og små stader krevjar nærheit til grøntareal, og har mykje å sei for kor aktive innbyggjarar er. Det er også viktig å ha utsyn til natur, som til dømes trær frå bustaden eller frå arbeidsplassen.

Barn og unges interesser

Barn og unge sine interesser er nemnd i korthet i planprogrammet, med fokus på deira framtidig bruk av området, og konsekvensar for trygg skuleveg og leik- og opphaldsareal ute. Det er positivt at deira interesser også blir teke opp gjennom ulike tema i stadanalysen. Det er også naturleg at det leggjast vekt på deira noverande bruk av området, og at den blir tatt omsyn til i vidare planarbeid. Vi rår til at dette vert enda tydelegare i stadanalysen og vidare planarbeid.

Innanfor tette bustad-konsept er det særleg viktig å leggje til rette for trygg ferdsel og areal for leik og opphald i nærmiljøet. Det bør vere enkel og trafikksikker tilkomst mellom bustad og viktige areal for barn og unge, til dømes leikeareal, grønne område, skule og barnehage. Det er positivt at ein vurderer å etablere eit bilfritt bustadområde. Dette kan vere med å ivareta born og unge sine interesser og fremje sosial berekraft. Eit slikt grep vil bidra til trygge, gode og sosiale sonar mellom husa.

Dei eldre barna treng også stadar å samlast, og må ikkje gløymast. Det er viktig at uteområda inviterer til bruk av menneske i alle aldrar. Difor oppmodar vi om at uteopphaldsareal utformast på ein måte som gjer at dei egner seg for alle aldra og allmenn bruk, ikkje berre for dei minste barna. Når leikeplassar med eit minimum av leikeapparat ikkje er i bruk blir dette tomme rom i landskapet. Difor oppmodar vi om å ta vare på og å tilføre naturlege element i landskapet som trær og busker som skaper fleire soner for rekreasjon. Leikeareal og grøntområde kan kombinerast med naturbasert overvasshandsaming. Føresegn bør sette krav om funksjon, kvalitet og rekkefølge knytt til opparbeiding av areal og infrastruktur som er viktige for barn og unge, og sikre at slike areal er regulert til offentleg føremål.

I planarbeid som særskilt råker barn og unge bør dei bli invitert til å medverke aktivt i utarbeidinga av planframlegg. Barn og unge, ungdomspanel, barne- og ungdommens kommunestyre eller ungdomsråd er høyringspartar når planforslag vert lagt ut på offentleg ettersyn jf. § 5-2. Planarbeidet må bli presentert på ein måte som gjer det lett å forstå.

Friluftsliv

Det varsla planområdet omfattar fleire kartlagde friluftsområde: Fjordstien er kartlagd som eit

særleg kvalitetsområde og vurdert som svært viktig. Grøntkorridoren Leitevegen – Røyhaugane er og vurdert som svært viktig, medan leike- og rekreasjonsområde ved Sogndal Folkehøgskule er vurdert som eit viktig friluftslivsområde. I tillegg er Barsnesfjorden vurdert som eit svært viktig friluftslivsområde. Delar av Fjordstien er i tillegg statleg sikra, sjølv om dette området førebels ikkje syner i Naturbase eller Fylkesatlas.

Det er positivt at det i planprogrammet blir slått fast at sentrale oppgåver i planarbeidet er å legge rammer for eit overordna utviklingsgrep som m.a. - legg vekt på kvalitetar for barn og unge, og område for leik – har grønt som eit bærande element, med tydelege grøntstrukturar - bevarer og styrkar natur- og landskapskvalitetar og grøntstrukturar, spesielt i aksen fjord-fjell. Også måla om å etablere eit bilfritt bustadområde og styrke mobiliteten for mjuke trafikantar vil vere positivt i høve til rekreasjon og friluftsliv.

Frå eit friluftslivsfagleg perspektiv er det positivt at det lagast ein områdeplan som fastsett dei overordna rammene for arealutviklinga i området. I planprogrammet er det sett gode og ambisiøse mål for planarbeidet og vi føreset at desse måla visast i det endelege planforslaget, slik at kvalitetar knytt til friluftsliv og rekreasjon ivaretakast og styrkast.

Kulturminne og kulturmiljø

Seksjon for kulturarv ved Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Vi vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Vestland fylkeskommune ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet. Verknader planen får for kulturminneverdiane i området skal utgreiast i planprosessen. Det er viktig at dei kulturminna og kulturmiljø som kommunen ønskjer å sikre for framtida vert sikra gjennom omsynssone H570 eller H730 og føresegner.

I Nye mål i kulturmiljøpolitikken – Engasjement, bærekraft og mangfold, Stortingsmelding 16, (2019-2020), vert kulturmiljø vektlagt som ein del av berekraftig by- og stadutvikling. Den fastset nye nasjonale mål og ny kulturmiljøpolitikk, der kulturmiljøomgrepet understrekar heilskap og samanheng framfor enkeltobjekt. Med bakgrunn i denne stortingsmeldinga er det naturleg å sjå det aktuelle planområdet i samanheng med omgjevnadene rundt. I tillegg til fornminne, marine kulturminne og bygningar/bygningsmiljø, er det viktig å få kartlagt og utgreidd til dømes tekniske kulturminne, steingardar, gamle ferdsselsårer, utmarksminne, og andre kulturlandskapstrekk.

Dersom planforslaget er i konflikt med nasjonale og vesentlege regionale kulturminneverdiar kan Vestland fylkeskommune fremje motsegn til planen ved offentleg ettersyn. Vi gjer merksam på at det vil vere ein fordel for tiltakshavar å klarleggje spørsmål omkring kulturminneverdiar i området på eit tidleg tidspunkt i planprosessen. Vi rår tiltakshavar til å gå i dialog med regionalt kulturminnemynde for å finne gode løysingar før planen vert lagt ut på høyring.

Kulturminneverdiane må i det vidare planarbeidet omtalast særskilt som eige tema. Her er det viktig å få fram ikkje berre fornminne og bygningar/ bygningsmiljø, men òg steingardar, gamle ferdsselsårer, utmarksminne, tekniske kulturminne, kulturlandskap, m.m.

Planprogram

I forslag til planprogram er det satt opp ei liste med tema som det er aktuelt å utgreie som en del av planarbeidet. Desse skal greiast ut som eigne rapporter eller inngå som ein del av planomtalen. Et tema som skal greiast ut er kulturminne og kulturmiljø. I denne utgreiinga må freda kulturminne og kulturminne frå nyare tid skildrast. Konfliktgraden mellom utbygging og kulturminne, både automatisk freda kulturminne, kulturminne frå nyare tid og kulturlandskap, må gå klart fram. Det bør gjerast greie for korleis ein kan ta vare på det som er verdfullt og eventuelt føreslå avbøtande tiltak.

Nyare tids kulturminne

Nestangen ligg på ein sentral plass i landskapet i møtet mellom Sogndalsfjorden og Barsnesfjorden. Store deler av det flate neset er framleis prega av eit jordbrukslandskap med fruktdyrking. Innanfor planområdet er det fleire eldre bygg mellom anna knytt til gardsdrift. På motsett side av fjorden ligg Loftnes med sorenskrivargarden. Sorenskrivargarden på Loftnesnes er bygget i perioden 1772-1776 og er freda.

Fylkeskommunen er positiv til at planen legger opp til ein utvikling av Nestangen som ivaretek eksisterande kvalitetar i landskapet og kulturlandskapet. Ein må særleg vurdere fjern -og nærverknad av ein utbygging der storleik og høgd vurderast i høve til eit større landskapsrom og det flate neset. Fylkeskommunen rår til utvikling som tar omsyn til området karakter og kvalitetar i ekisterande kulturmiljø innanfor planområdet og i høve til verknaden tiltaket har på Sorenskrivargarden på Loftesnes.

Krav om arkeologisk registrering

Kulturavdelinga vurderer at området har eit særst høgt potensial for automatisk freda kulturminne. Av tidlegare funn frå Nes kan nemnast fleire rikt utstyrte manns- og kvinnegraver frå yngre jernalder. I tillegg er det er gjort fleire funn av økser frå steinalder. I området kan det difor forventast både busetnadsspor frå jernalder, spor etter gravfelt, førhistorisk dyrkingsaktivitet og buplassar frå steinalder. Det er difor naudsynt med ei arkeologisk registrering for å for å avgjere om planforslaget vil råke hittil ikkje registrerte kulturminne, jf. § 9 i kulturminnelova.

Hovudregelen er at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova skal gjennomførast i samband med utarbeiding av ein reguleringsplan. Dette inkluderer alle typar arealformål også areal som vert regulert til LNF areal. Arealføremål landbruk opnar opp for tilretteleggingstiltak og ulike former for drift som kan komme i konflikt med kulturminne. Undersøkingsplikta må i disse områda oppfyllest på ein slik måte at kulturminneforvaltninga kan uttale seg til planen.

Registreringsmetode vil vere maskinell flateavdekking på dyrka mark og prøvestikk med spade. Maskinell flateavdekking vert nytta til å påvise automatisk freda kulturminne i noverande og tidlegare jordbruksareal ved graving av søkesjakter på om lag 3 meter breidd. Lengd, djupn og avstand mellom sjaktene kan variere avhengig av lokal topografi, funnsituasjon og undergrunn.

Vestland fylkeskommune kan ikkje seie seg samd i arealbruken i områderegeringsplanen før §9 er oppfylt for heile planområdet. Vi gjer merksam på at det vil vere ein fordel for tiltakshavar å klarleggje spørsmål omkring kulturminneverdiar i området på eit tidleg tidspunkt i planprosessen. Dersom planforslaget er i konflikt med nasjonale og vesentleg regionale og kulturminneverdiar kan Vestland fylkeskommune fremje motsegn til planen. Vestland fylkeskommune rår tiltakshavar til å gå i dialog med regionalt kulturminnemynde for å finne gode løysingar før planen vert lagt ut på høyring.

Vestland fylkeskommune minner om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova må vere oppfylt og naudsynt sakshandsaming gjennomført, før planen kan endeleg vedtakast av kommunen. I medhald av kulturminnelova §§ 9 og 10, må kostnadene ved registreringa betalast av tiltakshavar. Det blir sendt eige brev med nærare opplysningar om kulturminneregistreringa.

Marine kulturminne

Planforslaget omfattar areal i sjø og planen har difor vore sendt til Bergens Sjøfartsmuseum for vurdering. Dei uttaler som følgjer:

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Nestangen i Sogndal kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Planområdet ligg i eit prioritert område med omsyn til marine kulturminne med menneskeleg aktivitet som kan sporast til tidleg metalltid og utover. Sogndalsfjóra vart også husa også eit tidlegare handelsstad. Havområda i umiddelbar nærleik til Nestangen er derimot vurdert å være høgst påverka av nyare tids utfyllingar, og det er vurdert å ha lite potensiale for overlevande kulturminne under vatn.

Museet har derfor ingen merknader til den planlagde reguleringa.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Samferdsel

Avdeling for infrastruktur og veg sitt ansvar i planarbeidet er fyrst og fremst knytt til arealbruken

langs fylkesveg. Vi uttalar oss som forvaltar av fylkesveg, med særleg fokus på trafikktryggleik og framkomst for alle trafikantar.

Opplysningar i saka

Føremålet med planarbeidet er å utvikle Nestangen til ein inviterande innfallsport og berekraftig ny del av tettstaden, med gode bukvalitetar og oppvekstvilkår. Mellom anna skal ein fastsetje eit utbyggingsmønster, det skal leggjast til rette for bustadområde med høg tettheit og variasjon i storleik med ulike typar bygningstypar tilpassar området, samt legge vekt på kvalitetar for born og unge. Delar av fv.55 inngår som ein del av planområdet. Området har sidan 2013 vore sett av til sentrumsføremål, og kommunen sine overordna planar legg opp til ei utvikling av dette området.

Generelle innspel til planarbeidet: Avdeling for infrastruktur og veg ber generelt om at følgjande tema blir tekne omsyn til i reguleringsprosessen:

- Plassering og utforming av naudsynte tiltak knytt til fylkesveg (kryss, avkøyrslar, busslommer, tilbod til mjuke trafikantar m.m.)
- Tilhøva for mjuke trafikantar mellom varsla planområde og nærliggjande målpunkt (t.d. busshaldeplassar, skule m.m.)
- Byggegrenser til fylkesveg
- Tiltaket sine konsekvensar for vegtrafikken i bygge- og anleggsfasen, med særleg fokus på mjuke trafikantar
- Vegtrafikkstøy

Generelt vil vi minne om at Statens vegvesen si handbok N100 Veg og Gateutforming er gjeldande for alle offentleg veg, og eventuelle fråvik frå handbok N100 skal vere godkjent av vegeigar før detaljreguleringsplanen vert lagt ut på offentleg ettersyn og høyring. Vidare skal tekniske teikningar også sendast til vegeigar før offentleg ettersyn.

Særlege innspel til dette planarbeidet

I planarbeidet vert det lagt opp til busetnad med høg tettheit me legg difor til grunn at verknadane planløyningar har for vegtransport og vegnettet vert utgreidd og kjem tydeleg fram av planomtalen og ROS-analysen. Av planprogrammet ser me at trafikk, og trafikktryggleik vert eit eige tema, dette er positivt.

Som skildra i planprogrammet kan det verte aktuelt å stille krav om rekkefølgekav for etablering av naudsynte løysingar knytt til framkomst på fv.55 og gode trafikktrygge løysingar for mjuke trafikantar i området. Vidare kan det også verte aktuelt å stille krav om gjennomføringsavtale i samband med bygging av fortau/gang- og sykkelveg langs fv.55.

Kollektiv

Planområdet er lokalisert litt utanfor Sogndal sentrum, men det er lagt vekt på å følgje opp forventingane om god tilrettelegging for mjuke trafikantar gang-sykelnett. Etablering av trygge løysingar internt i planområdet og påkopling til eksisterande gangs- sykkelnett vil difor vere viktig for å sikre tilkomst til viktige målpunkt og opne opp for 5-minuttssamfunnet slik det er trekt fram i planprogrammet. Avdeling for mobilitet og kollektiv viser elles til innspela frå avdeling for infrastruktur og veg.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre <https://www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planrettleiing/>

Oppsummering

Vestland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på tidleg og reell medverknad, stadeigne kvalitetar, omsyn til born og unge, klimagassutslepp og klimatilpassing, trafikktryggleik og mjuke trafikantar, ivaretaking av kulturminne og kulturmiljø, og kvalitetar knytt til friluftsliv og rekreasjon. Lokalt har området eigenskapar og kvalitetar det er viktig å ta vare på i høve utvikling av ein attraktiv og berekraftig tettstad med særleg og identitet. Vi står til disposisjon viss ein skulle ha spørsmål rundt regionale plantema og vidare planprosess.

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule
fagansvarleg
NPI – Plan, klima og analyse

Ingeborg Klokkersund Djupevåg
rådgjevar
NPI - Plan, klima og analyse

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Sakshandsamarar:

Eva Sundal, INV – Forvaltning Vestland
Susanne Stølheim Aasen, INV - Forvaltning Vestland
Gunhild Raddum, MOK – Transportplan
Anders Søyland, KFO – Fysisk aktivitet og inkludering
Silje Øvrebø Foyn, KFO – Kulturarv
Inga Petronella Lindstrøm, KFO – Kulturarv

Kopi til:

Statsforvaltaren i Vestland

Statens hus - Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER

Ane Janzy Yde Aasen

Vedtak Innspel frå eldrerådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i samband med områdereguleringsplan Nestangen

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne si handsaming av sak 9/2023 i møte den 25.04.2023:

Handsaming

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok samrøystes å handsama saka i fellesmøte med Sogndal eldreråd.

Frå kommunalsjefen låg det føre slik tilråding:

1. Sogndal eldreråd gir innspel til innhaldet i planprogrammet i samband med områdereguleringsplan Nestangen.
2. Sogndal eldreråd gir følgjande innspel...

Avrøysting: samrøystes

Uttale

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne gjorde i felles møte med Sogndal Eldreråd, slikt samrøystes **vedtak**:

Vedtak

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne gjorde i felles møte med Sogndal Eldreråd, slikt samrøystes **vedtak**:

1. Sogndal eldreråd og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne gir innspel til innhaldet i planprogrammet i samband med områdereguleringsplan Nestangen.
2. Sogndal eldreråd og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne gir følgjande innspel:

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og Sogndal eldreråd meiner det er viktig å sikra at områdeplanar legg til rette for god universell utforming og slik sikrar tenlege bustadar og sentrumsnær tilkomst for alle funksjons- og aldersgrupper.

Det er særleg behov for gode løysingar for rørsle- og orienteringshemma som treng kort gangavstand både til butikkar, skystasjon, taxistasjon, kulturhus og andre sentrumsaktivitetar. I dag må personar med nedsett funksjonsevne, med bustad i t.d. Hovsmarki og Ulvahaugen, bruka taxi eller privatbil for sentrumsærend pga. bakkar. Det vil vera viktig å prioritera gode løysingar for desse gruppene. For å sikre desse gruppene må det takast inn eit eige punkt i planen om universell utforming.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og Sogndal eldreråd vil be om at Sogndal kommune i samarbeid med utbyggjarar, Husbanken og statsforvaltar utarbeidar planar om bustadprosjekt som kan realiserast i områda Nestangen.

Med helsing

Gunn Ragnhild Rimala
sekretær

Brevet er elektronisk og er utan underskrift.



SOGNDAL KOMMUNE

Postboks 153
6851 SOGNDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon

Heidi Sandvik, 5764 3151

Fråsegn til varsla oppstart med utarbeiding av områdereguleringsplan for Nestangen i Sogndal kommune

Vi viser til oversending dagsett 24.3.2023.

Planområdet omfattar 180 dekar landareal og 36 dekar sjøareal.



Samtidig med oppstartvarselet er også eit planprogram på høyring. I planprogrammet er det opplyst at det pågåande arbeidet med arealdel for nye Sogndal kommune vil ha verknader for planarbeidet på Nestangen, men at denne førebels ikkje legg opp til store endringar frå gjeldande arealdel. Området femner i hovudsak om areal som er sett av til sentrumsføremål og bustader i den gjeldande arealdelen.



I oversendingsbrevet skildrar kommunen målet med arbeidet slik «Sogndal kommune ønskjer å utvikle Nestangen til ein inviterande innfallsport og berekraftig ny del av tettstaden, med gode bukvalitetar og oppvekstvilkår.»

Sentrale oppgåver i planarbeidet er å legge rammer for eit overordna utviklingsgrep som

- *fastset eit utbyggingsmønster med utgangspunkt i ein stadanalyse for området*
- *legg til rette for bustadområde med høg tettheit og variasjon i storleik med ulike bygningstypar tilpassa området*
- *legg til rette for ein blanda gruppe busette, men med ein høg del familievennlege bustader*
- *legg vekt på kvalitetar for barn og unge, og område for leik*
- *utviklar området som ein inngangsport til Sogndal frå nord og aust med bygningstypar tilpassa staden*
- *har grønt som eit bærande element, med tydelege grøntstrukturar*
- *bevarer og styrkar natur- og landskapskvalitetar og grøntstrukturar, spesielt i aksen fjord-fjell*
- *etablerer eit bilfritt bustadområde, der parkering er lagt under bakken eller i utkant, saman med ein pendlarparkering*
- *styrkar mobilitet for mjuke trafikantar, ved å knyte saman nye og eksisterande gang- og sykkelvegsamband* Side 3 av 4
- *styrkar samanheng mellom områda Nestangen og Fjøra aust*
- *fastset krav til seinare detaljplanar som sikrar intensjonane i områdeplanen i form av t.d. byggjehøgder, siktlinjer og krav til opparbeiding m.m*
- *avklarar sentral infrastruktur*
- *avklare om og kor det vert lagt til rette for tunnelpåslag på Nestangen»*

Der er vidare opplyst at ein stadanalyse for planområdet og sentrale utgreiingar skal utarbeidast tidleg i prosessen for å gje eit bilete over dagens situasjon i forhold til eksisterande kvalitetar, behov og moglegheiter. Utgreiingane skal leggjast til grunn for utarbeiding av 1-3 utbyggingsalternativ. Det er utarbeidd ein eigen plan for medverknad.

Merknader frå Statsforvaltaren

Vi forstår det slik at målet med områdeplanen er å legge til rette for arealbruk som hovudsakleg er i tråd med gjeldande arealdel, og at eventuelle endringar skal avklarast parallelt i det pågåande arbeidet med arealdelen.

Vi ser at det er lagt opp til brei og god medverknad. Det er vist til viktige utviklingsgrep og planprogrammet har med viktige tema for vidare vurdering og utgreiing. Vi har for tida ikkje kapasitet til å gå i detalj inn i planprogrammet, men har generelle innspel til fleire sentrale plantema under:

Den sosiale bustadpolitikken

I nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging 2019-2023, s. 29, er det lagt til grunn at kommunane tek bustadsosiale omsyn i planlegginga. I samband med dette viser vi til den nasjonale strategien for den sosiale bustadpolitikken 2021-2024:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nasjonal-strategi-for-den-sosiale-boligpolitikken-2021-2024/id2788470/>



Det vedlagde planprogrammet side 23 viser til følgjande i samfunnsdelen om bustadbygging: «*Legge opp til blanda bumiljø med variasjon i bustadtypar og -storleikar og gode dele- og fellesskapsløysingar. Fremje kvalitet for bustader og bumiljø, òg for hyblar. Sette grenser for minimum og maksimum storleik for bustader*»

Vi føreset at bustadbehovet vert tilstrekkeleg belyst, og at dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planegging 2019-2023 s. 29, om at kommunane skal ta bustadsosiale omsyn i planlegginga, vert lagt til grunn for dette planarbeidet i Sogndal sentrum.

Vi gjer elles merksam på at [lov om kommunane sitt ansvar på det bustadsosiale feltet](#) trer i kraft frå 01.07.2023. Lova stiller m.a. krav om at kommunane må ha oversyn over behovet for bustader til vanskelegstilte på bustadmarknaden. Det er òg krav om at oversynet over behovet for bustader for vanskelegstilte skal inngå som grunnlag for arbeidet med planstrategien til kommunane, og at overordna mål og strategiar for det bustadsosiale arbeidet skal fastsettast i kommuneplanen.

Barn og unge, uteopphaldsareal

For å sikre leikeområde og andre uteopphaldsareal med tilstrekkeleg storleik og kvalitet bør desse planleggast før ein plasserer bustadane i detalj. Planforslaget må vise at krav til storleik og kvalitet på leike- og uteopphaldsareal vert ivareteke, og areala må sikrast i plankartet. Utforming av leikeareal, og tidspunkt for opparbeiding, må vere sikra gjennom krav i føresegnene. Vi rår kommunen til å stille konkrete krav i føresegnene som sikrar at leikeareal får til dømes sandkasse, benk, noko fast dekke og eventuelt inngjerding.

Korleis trygg skuleveg skal sikrast for ungane i buområda må også vere eit tema i planomtalen.

Gode uteopphaldsareal skapar tilhøyrslø og identitet, og har stor innverknad på helsa og trivselen til den enkelte. Uteareala bør strukturerast og utformast slik at innhald og kvalitet stimulerer til sosial kontakt, livsutfolding og bruk for alle brukargrupper, også for personar med nedsett funksjonsevne. Tilrettelegginga må spesielt tilpassast barn og unge.

Vi viser til rettleiaren om barn og unge i plan- og byggjesak som kom 13.01.2020, og som viser korleis plan- og bygningslova kan vera med å sikre og skape gode oppvekstvilkår for barn og unge.

Universell utforming

Plan- og bygningslova § 1-1 viser til at prinsippet om universell utforming skal ivaretakast i planlegginga og i krav til byggjetiltaka. Planarbeidet må gjere greie for korleis omsynet til universell utforming er ivare tatt. Vi viser også til statleg planretningslinje for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, 4.8, «*Planleggingen skal ta høyde for universell utforming og tilgjengelighet for alle, og ta hensyn til den delen av befolkningen som har lav mobilitet*».

Kommunal- og distriktsdepartementet har utforma eigne råd om universell utforming i planlegginga (20.05.2022), https://www.regjeringen.no/no/tema/plan-byggogeiendom/plan_bygningsloven/planlegging/fagtema/universell_utforming/id2815007/

Sjå også regjeringa sin handlingsplan for universell utforming 2021-2025: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/barekraft-og-like-muligheter-et-universeltutformetnorge/id2867676/>



Folkehelse

Det er viktig å leggje til rette for variasjon i bumoglegheitene som del i det å skape eit stabilt og varig bumiljø. Det er derfor viktig å leggje vekt på at området vert ein god stad å bu for menneske i alle aldrar.

Trafikksituasjonen og mjuke trafikkantar

Dersom det er knytt utfordringar til trafikksituasjonen i området, er det viktig å leggje vekt på å finne løysingar som sikrar god og effektiv trafikkavvikling, samtidig som det blir lagt stor vekt på å sikre trygg skuleveg og trygge gangkorridorar mellom bustader, ulike grøntareal/leikeareal, skule og fritidsaktivitetar i og utanfor sentrum.

Støy

Det er viktig at kommunen avklarar støy i reguleringsplanprosessen. Det går fram av T-1442-2021 at: *«Utendørs støy er et plantema og skal være avklart før byggesak... Reelt sett vil kommunen ha begrenset mulighet til å sikre tilfredsstillende støyforhold utendørs gjennom byggesaken...».*

Retningslinene i rettleiar T-1442 må følgjast opp med konkrete føresegner og tiltak i reguleringsplanen. Det må vera konkrete og tydelege føringar i føresegnene slik at planen vert eintydig og føreseieleg for alle, og slik at folk som bur her, ikkje vert utsette for stor støybelastning.

Planforslaget må dokumentere at avbøtande tiltak gjev tilfredsstillande støyforhold i området. Avbøtande tiltak må gå fram av planforslaget, og vera heimla i planføresegnene.

Landbruk

Vi forstår det slik atområdereguleringsplanen i hovudsak legg opp til bygging i samsvar med kommuneplan, men legg likevel opp til nedbygging av jordbruksareal.

Vi viser til oppdatert nasjonal jordvernstrategi, 21. mai 2021. Det nasjonale målet er å redusere omdisponering av fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite: *«den årlige omdisponeringen av dyrka jord ikke skal overstige 3 000 dekar, og at målet skal være nådd innen 2025»*, jf. Prop. 200 S (2020-2021)».

I følge Statsforvaltaren sitt brev til kommunane 07.06.22, 2022/7393 *Forvaltning av jordbruksareal i arealplanlegging og sakshandsaming*, tilsvarer Sogndal sin relative del av nasjonalt jordvernmål ei omdisponering av maksimum 10 daa/år, rekna etter kommunen sitt totale jordbruksareal, dersom ein skal bidra til å nå det nye, nasjonale jordvernmålet på maks. 3.000 daa/år innan 2025. Sogndal har dei siste 7 åra ligge på bortimot det dobbelte av dette, og vil ha ei monaleg utfordring i å halde seg innanfor både nasjonale mål, og eigne mål om effektiv arealbruk i ny kommuneplan under utarbeiding.

I den grad planen opnar for bygging på landbruksjord, ser vi det som viktig at det vert stilt krav om høg arealutnytting.

Klimaomsyn

Vi føreset at statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (FOR-2018-09-28-1469) blir lagt til grunn for planarbeidet. Planretningslinja viser mellom anna til: *«Arealer som vurderes tatt i bruk til utbyggingsformål i kommune- og reguleringsplaner kan være utsatt for farer, som for eksempel flom og skred. Utbygging kan også øke påkjenningen for nedenforliggende arealer. For å kunne forebygge tap av liv, helse, kritisk infrastruktur og andre materielle verdier er det nødvendig at det, gjennom risiko- og sårbarhetsanalyser tidlig i planprosessen, vurderes om klimaendringer gir et endret risiko- og sårbarhetsbilde.*



Ved planlegging av nye områder for utbygging, fortetting eller transformasjon, skal det vurderes hvordan hensynet til et endret klima kan ivaretas. Det bør legges vekt på gode helhetlige løsninger og ivaretagelse av økosystemer og arealbruk med betydning for klimatilpasning, som også kan bidra til økt kvalitet i uteområder. Planer skal ta hensyn til behovet for åpne vannveier, overordnede blågrønne strukturer, og forsvarlig overvannshåndtering».

Strandsone

Forvaltninga av strandsona med 100-metersbeltet er av nasjonal interesse. Strandsoneforvaltninga skal bidra til ei berekraftig utvikling i tråd med FNs berekraftsmål. Etter lova skal ein i 100-metersbeltet langs sjø særleg ta omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser, jf. pbl. § 1-8.

Lovførearbeida, Ot. prp. nr. 32 (2007-2008) s. 174, viser til at pbl. § 1-8 også skal leggjast til grunn ved utarbeiding av nye planar. Statlege planretningslinjer skal som kjent «*legges til grunn*» for kommunal planlegging, jf. pbl. § 6-2. Vi føreset også at *Statleg planretningslinje for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen* blir lagt til grunn for utarbeidinga av planforslaget. Retningslinjene skal bidra til at det blir tatt særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og allmenne interesser i strandsona. Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023 (vedtatt ved kgl. Res. 14. mai 2019), ss. 16 og 19, viser til tydinga av at desse omsyna blir tilstrekkeleg vurdert i spørsmål knytt til arealutvikling.

Naturmangfald

Det må gjennomførast ei vurdering av dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova (nml.) §§ 8- 12, jf. nml. § 7. Utgreiingskrava til temaet naturmangfald må stå i forhold til omfanget av det planarbeidet legg opp til.

ROS-analyse

Kommunane skal mellom anna fremje samfunnstryggleik i planlegginga si. Plan- og bygningslova § 4-3 stiller difor krav om ROS-analyse i alle plansaker, samt krav til oppfølging av avdekt risiko og sårbarheit, m.a. gjennom bruk av omsynssoner i plankartet med tilhøyrande krav i planføresegnene. ROS-analysen skal vise risiko og sårbarheit som har betydning for om arealet er eigna til utbygging eller ikkje, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging.

TEK17 definerer kva som er akseptabel risiko for flaum og skred i §§ 7-2 og 7-3. For andre typar risiko må kommunen sjølv gjere greie for kva ein reknar som akseptabel risiko. Alle risiko- og sårbarheitstilhøve skal merkast med omsynssone på plankartet. Krav til risiko og/eller sårbarheitsreducerande tiltak skal gå fram av planføresegnene.

Medverknad og digital presentasjon

Vi oppmodar kommunen om å leggje planforslaget ut på internettkartet ved høyring. Planomriset bør visast no. Dette er viktig for å gjere det enklare å medverke for folk. Slik kan dei sjå eventuelle konsekvensar og samanhengar lettare.

I denne samanhengen viser vi òg til «Norge digital plansatsinga for 2018-2020»:

<https://www.geonorge.no/globalassets/geonorge2/avtaler-og-bilag-norge-digitalt/info-nd-plan-modell-2018-2020-versjon-pr-23022018.pdf>



Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Heidi Sandvik
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
Vestland fylkeskommune

Postboks 5091 Majorstua
Postboks 7900

0301 OSLO
5020 BERGEN



Statens vegvesen

SOGNDAL KOMMUNE

Postboks 153

6851 SOGNDAL

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Sivert Faye / 47299448

Vår referanse:
23/57850-2

Dykkar referanse:
2022/4605 - 44

Vår dato:
04.05.2023

Innspel til varsel om oppstart av planarbeid og høyring av planprogram – Områdereguleringsplan Nestangen – Sogndal kommune

Viser til brev datert 24.03.2023.

Saka gjeld

Det er varsla oppstart for områdereguleringsplan for Nestangen. Nestangen skal bli eit område med ein høg del familiebusadar i ulike bygningstypar. Det skal leggest til rette for eit utbyggingsmønster som tek vare på og styrkar dei eksisterande grøne kvalitetane som eit bærande element. Området skal gi gode rammar for utvikling av busadar og sentral næringsutvikling.

Målet med områdeplanen er å setje rammer for utvikling av området og auke tilgangen på område for bustadutbygging med stadtilpassa arkitektur og gode uteområde. Områdeplanen skal på den måten leggje til rette for at Nestangen får eit overordna utviklingsgrep, framfor «lappeteppeplanlegging». Samfunnsplanen sitt mål om attraktive tettstader, kommunen sine andre strategiar og temaplanar, arealplanen, og nasjonale og regionale føringar, skal ligge til grunn for løysingane i planen og seinare tiltak etter plan- og bygningslova. Områdeplanen skal leggje til rette for vidare vekst med ein tidshorisont på 30 til 40 år fram i tid.

Statens vegvesen sin rolle i planlegginga

Statens vegvesen har ansvar for at føringar i *Nasjonal transportplan (NTP)*, *statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging*, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretekne i planlegginga. Statens vegvesen sitt samfunnsoppdrag er å utvikle og leggje til rette for eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert, og miljøvennleg transportsystem.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Vi uttalar oss på vegne av staten som forvaltar av riksveg og etaten sine egne kulturminne, og som statleg fagmyndigheit med sektoransvar innanfor vegtransport. Statens vegvesen sitt sektoransvar for vegnettet inneber eit overordna ansvar for at trafikksikkerheit, klima- og miljøomsyn, og heilskapleg bypolitikk blir ivareteke i alle planforslag som vedkjem samferdsel. Dette gir oss rett til å stille krav til både statlege, fylkeskommunale og kommunale vegar, gater og løysingar for gåande og syklande.

Våre innspel

Planprogrammet er utfyllande og har teke med relevante tema, mål og overordna føringar ut frå våre interesser og ansvarsområde. Vi legg til grunn at desse blir følgt opp i planen, og at det synleggjerast korleis planen bidreg til å oppfylle dei. Nye vegar/gater, forbindelsar for mjuke trafikantar og samankoplingar med eksisterande infrastruktur bør vere premisser for planlegging i området. Infrastrukturløysingar bør vere avklara før anna arealbruk blir planlagt.

I planen må det greiast ut om framtidig trafikkmengd som følgje av den arealbruken planen legg til rette for. Vi ser at det skal greiast ut om tilkomst og trafikksikkerheit på Navarsetevegen. Dette er positivt. Det er viktig å avklare behov og sikre nødvendige tiltak i kryss og avkøyrslar og tilbod for mjuke trafikantar på eit overordna nivå, slik at det kan følgast opp med eventuelle rekkefølgjekrav for nye tiltak og i detaljreguleringsplanar. Vi vil trekke fram krysset mellom gang- og sykkelvegen langs rv. 5 der denne møter Navarsetevegen. Her er det utfordrande siktforhold og utforming av krysset der mjuke og harde trafikantar møtast.

Krysset ved Rones barnehage bør og bli vurdert nærmare med omsyn til trafikksikkerheit, jf. vedlagte brev datert 24.01.2023. Rv. 5 er nasjonal hovudveg og har høg trafikk med ein estimert ÅDT på 9500 for 2022. Vi ønsker derfor at tal kryss blir avgrensa. Krysset til Rones barnehage har mange avvik frå krava som gjelder for kryss i N100. Krysset har behov or utbetring, men vi er ikkje sikre på om det er mogleg å bygge eit nytt kryss her i samsvar med N100. Dette må i så fall vurderast nærmare i dialog med oss. Vi ønsker ikkje at planen legg til rette for auka trafikk i dette krysset. Vi vil rå til at regulert køyretilkomst blir frå fv. 55, eventuelt via eksisterande rundkøyring ved kulturhuset, med utbetring eller ny veg frå krysset mellom Navarsetevegen og Hovevegen. Dette må avklarast i dialog med vegeigarar, Statens vegvesen, Vestland fylkeskommune og kommunen.

Vi oppmodar kommunen til å vurdere løysingar som legg meir til rette for gåande og syklande, og gjer det mindre attraktivt å bruke bil. Ein moglegheit kan vere å etablere køyretilkomst frå fylkesveg 55, stenge krysset ved Rones barnehage og å stenge nedre del av Navarsetevegen for køyrande/gjennomkøyring.

Skuleveg er og eit viktig tema som er trekt fram i planprogrammet. Dette må vurderast i samband med den auka i trafikk som kan forventast som følgje av arealbruken planen legg til rette for.

Vegnormal N100 gjeld for all offentlig veg. Vi legg til grunn at N100 blir følgt ved planlegging av ny veg/gate og kryss. Sikt og siktsoner for kryss og avkøyrslar må sikrast i planen. N100 gjeld og ved utbetring av eksisterande kryss og avkøyrslar. Eventuelle fråvik for tiltak på riksvegen eller kryss med riksvegen skal vere behandla før planen sendast på høyring. Fråvik på kommunal veg bør og vere behandla før høyring.

Det må leggest inn byggegrense 20 meter frå senterlinja på riksvegen. Frå krysset ved Rones barnehage til rundkøyringa må det leggest inn 30 meter byggegrense.

Det bør vurderast om det skal settast av areal til sykkelveg med fortau. Forventa auke i tal gåande og syklande på eksisterande og eventuelle nye gang- og sykkelveggar er avhengig av korleis tilkomst blir løyst. Dette bør og bli vurdert, jf. krav 4.2.1.1—1 i N100.

Løysing for renovasjon, varelevering og snuplass for store køyretøy bør og vurderast i detalj, da dette er arealkrevjande. Gode og trafikksikre løysingar, spesielt for mjuke trafikantar i kombinasjon med store køyretøy i anleggsperioden bør vurderast.

Vi legg til grunn at planen vil innehalde relevante rekkefølgjekrav som sikrar gjennomføring av trafikksikkerheitstiltak, nødvendige utbetringar og opparbeiding av tilbod for mjuke trafikantar i samband med den utbygginga det blir lagt til rette for. For å sikre god tilkomst i anleggsperiode, bør det bli sett rekkefølgjekrav som sikrar opparbeiding av avkøyrslar, kryss og tilbod for mjuke trafikantar før anna byggearbeid blir sett i gang.

Konklusjon

Vi viser til våre innspel, og ber om at dei blir teke med i det vidare planarbeidet. Vi ønsker å ha dialog når kommunen har teke stilling til løysingar for køyretilkomst og gåande og syklande, før planen blir sendt på høyring.

Transport vest – transportforvaltning 1
Med helsing

Torun Emma Torheim
Seksjonsleiar

Sivert Faye

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER
VESTLAND FYLKESKOMMUNE, Postboks 7900, 5020 BERGEN



Statens vegvesen

SOGNDAL KOMMUNE

Postboks 153

6851 SOGNDAL

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Runar Stadheim / 951 46661

Vår referanse:
22/259365-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
24.01.2023

Tilbakemelding på oppmoding om fartsreducerande tiltak kryss langs RV. 5 – Sogndal kommune

Viser til brev frå Sogndal kommune 22.12.2022 der kommunen ber SVV vurdere fartshump og intensivbelysning ved gangfeltet.

Statens vegvesen var på synfaring for å vurdere trafikkikkerheiten her torsdag den 12.01.2023 i rushtiden om lag kl. 15:30.

Belysningen ved gangfeltet er etablert i 2019 og vert vurdert som god. Vegbelysning retning Loftesnesbrua er óg av nyare dato og vert vurdert som god.

Det er planlagt å skifte ut eksisterande armatur på veglysa på strekningen langs rv. 5 vidare bort til gangfeltet ved Hofslund hotel. Dette vil gjere det lettare å sjå mjuke trafikantar på GS-vegen og fjordstien.

Det er vanskeleg å finne ein god plassering til fartshump i området nærme kryss (sjå bilde).

Krysset ved Ronas barnehage er utflytande. Gjeldande reguleringsplan viser ikkje fullstendig løysing. Det er ikkje tilstrekkeleg areal her til å bygge om kryssløysinga til dagens krav, men det er mogleg å betre trafikkikkerheiten her med nokre enkle grep.

SVV vil vurdere å etablere skilt svingeforbod venstre (opp mot Ronas barnehage). Vi vil óg gjere ei vurdering av oppmerking av krysset.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Som strakstiltak anbefalar vi at kommunen ryddar opp i sikktrekantane i begge retningar. Det er behov for å fjerne tre, hekk, gjerde, betalingsautomat m.m. som tek sikta.

Ein bør ikkje ha beplantning i plantakassane som ligg nærmast gangfelt –aller helst burde plantekassane vore fjerna innafor gangfeltet sin sikktrekant.

Kommunen må sjå på alternative løysingar for å stramme opp linjeføringa i krysset, men vi finn ikkje optimale løysingar her utan at parkeringsplassen ved Rones barnehage vert berørt.

Om kommunen ynskjer å gjennomføre større utbetringar av krysset so må endelege løysingar avklarast med Statens vegevesen.

Om det er planar for større utbyggingar i området so må kommunen sjå på moglegheiter for å stenge dette krysset for å lede trafikken inn på nytt kryss som er utforma i samsvar med krav.



Utflytande kryss med dårleg linjeføring gjer at trafikken stiller seg på skrå over fotgjengerfeltet. Dette gjer det vanskeleg å etablere fartshump her.



Figur 4.7 Trapesium

Eksempel i Håndbok V128 Fartsdempende tiltak: toppflaten på trapesium bør vere 7 meter i busstraseer, i tillegg kjem rampelengde på 4 meter på begge sider



Gangfeltet har ei uheldig plassering nærme krysset, men vi tilrår ikkje å flytte gangfeltet lenger mot sentrum sidan Fjordstien ligg lågare enn riksvegen (rekkverket på nedsida tek allereie sikt her). Gangfeltet kan heller ikkje flyttast lenger mot/i krysset.



Det er svært dårleg sikt retning sentrum –her er behov for rydding av sikt. Vi anbefaler at hekk, gjerde, betalingsautomat vert fjerna og at terrenget vert planert.



Det er begrensa sikt retning Loftesnes –det er behov for rydding av sikt. Vi anbefaler at hekk, gjerde, greiner og tre (med stamme diameter meir enn 15 cm) vert fjerna og at terrenget vert planert.

Ta gjerne kontakt med Sivert Faye eller Runar Stadheim so kan vi ta ein felles synfaring her.

Med helsing

Torun Torheim
Seksjonsleiar

Runar Stadheim

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Sogndal kulturråd
v/ Christoffer Knagenhjelm (leiar)
christoffer@ungdomslag.no

Ane Janzy Yde Aasen
Ane.Janzy.Yde.Aasen@sogndal.kommune.no
Sogndal kommune

8.5.2023

INNSPEL OMRÅDEREGULERINGSPLAN NESTANGEN

Sogndal kulturråd viser til høyring om oppstart og utarbeiding av områdereguleringsplan for Nestengen, jf. jf. plan- og bygningslova §§ 4-1, 12-2, 12-8 og 12-9.

Sogndal kulturråd takker for høve til å gje innspel til planen og vil framheve at det er viktig å ivareta interessene til Sogndal Folkehøgskule i planarbeidet. Det gjeld både eksisterande aktivitetar og at skulen vert sikra moglegheit til å utvikle seg i framtida.

Sogndal kulturråd vil og gjere merksam på at området truleg er rikt på kulturminne. Det var tidlegare eit gravfelt datert til vikingtida der folkehøgskulen i dag er lokalisert og potensialet for funn av kulturminne er stort. Her er det viktig at ev. kulturminne vert sikra og gjort til ein levande del av tettstaden og stadutforminga, jf. punkt h under «Fruktbare tettstadar» og punkt 17, under prinsipp for arealplanarbeidet for Sogndal kommune (jf. samfunnsplanen til Sogndal kommune, vedtatt 24.06.21)

Med helsing



Christoffer Knagenhjelm, leiar av Sogndal kulturråd



NVE
Noregs vassdrags-
og energidirektorat

Sogndal kommune
Postboks 153
6851 SOGNDAL

Vår dato: 05.05.2023
Vår ref.: 202306065-2 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: 2022/4605

Sakshandsamar: Margit Sandem
Fjellengen, masf@nve.no

NVE sitt innspel - Varsel om oppstart av planarbeid og høyring av planprogram - Områdereguleringsplan for Nestangen - Sogndal kommune - Vestland

Vi viser til varsel om oppstart av planarbeid med områdereguleringsplan for Nestangen datert 24.03.2023. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for bustad- og næringsutvikling, parkeringsareal under bakken, samanhengande infrastruktur og bevaring av eksisterande grønne strukturar, og avklare om og kor det vert lagt til rette for tunnelpåslag på Nestangen.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormyndede med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strom (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

NVE sitt konkrete innspel

I følgje [NVE atlas](#) ligg planområdet under marin grense, og ein kan ikkje sjå vekk ifrå at det finst utstabile avsetjingar som til døme leire i grunnen. Vi rår dykk til å nytte prosedyren i kapittel 3.2. i [NVE rettleiar 1/2019 «Sikkerhet mot kvikkleireskred»](#) så langt som det er naudsynt for å avklare faren for områdeskred av kvikkleire. Planområdet inneheld strandsone. Skred i sjø kan utløysast i alle typar lausmassar, men der det finnast kvikkleire eller andre jordartar med sprøbroteigenskapar i strandsona kan skred verte svært omfattande. I rettleiar 1/2019 er det eit eige kapittel (kap. 2.8) om aktsemd i strandsona.

Det er eit viktig prinsipp at avklaring av reell naturfare skal skje innan siste plannivå. Klarast går dette fram i [KMD rundskriv H-5/18 «Samfunnsikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling»](#). Det er skildra i planprogrammet at områdereguleringsplan for



Nestangen skal legge til rette for vidare detaljregulering. Det vil seie at ein kan velje å utsette avklaring av reell fare på dette plannivået. NVE rår likevel til at skredfaren avklarast no i områdereguleringsplan nivået. Ein tidleg avklaring av om planområdet er skredutsatt vil gjere planlegginga enklare, og ein kan oppnå ein meir heilskapleg samanheng i arealbruken.

Dersom det er reell fare for skred, må det definerast faresonegrensar i medhald av tryggleikskrava til TEK17. Fareområder må innarbeidast som omsynssoner i plankartet, med tilhøyrande planføresegner som sikrar tilstrekkeleg tryggleik. Om det vert behov for tryggleikstiltak, eller restriksjonar på arealbruk for at tilstrekkeleg tryggleik vert sikra, rår vi til at det aktuelle området innarbeidast i planen.

NVE si generelle rettleiing

NVE sin [kartbaserte rettleiar for reguleringsplan](#) er ein rettleiar som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis de kan ta omsyn til våre tema i reguleringsplanen. Vårt innspel er at de går gjennom denne kartbaserte rettleiaren og nyttar den i planarbeidet. Den som utarbeider planen har ansvar for at desse interessene blir vurdert i planarbeidet.

Vi rår dykk også til å nytte våre internettsider for arealplanlegging. Her er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>.

På NVE sine internettsider finn de også koplingar til andre rettleiarar og verktøy. Det ligg også mykje arealinformasjon på [NVE sine kartløysingar](#).

NVE si oppfølging av planarbeidet

Kommunen må vurdere om planen tek omsyn til nasjonale og vesentlege regionale interesser, jf. NVE sin rettleiar [2/2017 «Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging»](#).

Dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE har tilsendt planen ved offentleg ettersyn. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. NVE vil prioritere å gi uttale til reguleringsplanar der det blir bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde må være vedlagt planar som blir sendt på høyring til NVE.

De kan ta kontakt med NVE dersom det er behov for konkret bistand i saka.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Margit Sandem Fjellengen
Førstekonsulent



Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

Sogndal kommune

Kopimottakarar:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND



Miljøretta helsevern

Interkommunalt samarbeid i Indre Sogn

Sogndal kommune

3.5.23

Helsevernuttale til planprogram Nestangen

Miljøretta helsevern Indre Sogn uttaler seg som helsemyndighet. Lov om folkehelsearbeid § 4.3, pålegge helsetjenesta, gjennom råd og uttalar, å medverke til at helsemessige omsyn blir ivareteke i andre offentlege organ si planlegging. Vi viser til planprogram Nestangen – områderegeringsplan. Føremålet med planen er: «å utvikle Nestangen til ein inviterande innfallsport og berekraftig ny del av tettstaden, med gode bukvalitetar og oppvekstvilkår».

Miljøretta helsevern Indre Sogn ved Linda Øy og Elin Åsnes Øvretun har lest gjennom planprogram, og gått synfaring i Nestangen området for å vurdere om der er kvalitetar i området som særskilt bør ivaretakast i planarbeidet, eller om der er risikoforhold som bør sjåast ekstra på.

Det er positivt at det i planprogrammet leggst opp til å ivareta familiar, barn og unge gjennom bilfritt bustadområde, fokus på grønt og grønnstruktur, kvalitetar for barn og unge, gjennomgåande gang- og sykkelveggar med meir.

Vi har følgande merknader til planane:

- I planområdet som legg opp til eit høgt tal med familievenlege bustader, så er det viktig å sikre nærleik til barnehage og skule. Det bør leggst til rette for ny barnehage i området eller sikre moglegheit for utviding av bygg og uteområde til eksisterande barnehage – Rones, som ligg i planområdet.
- Eksisterande barnehage har utfordringar med parkering og tilkomst til barnehagen via til tider uoversikleg bilveg. Der er ikkje lagt til rette med fortau og trygg hente-leveresituasjon. Dette bør sikrast gjennom planprogrammet.
- Eksisterande barnehage ligg også i raud (i ytterkant av leikeområdet) og gul støysone. Hovuddelen av leikeområdet er i gul støysone. Dette bør forsøkast skjermast for eller det leggst til rette for meir skjerma leikeområde i nærleiken.
- Det må leggst til rette for gode ferdselsårer for gåande og syklande inn til sentrum og til barneskulen.
- For tryggleiken si skuld, bør det stillast krav om å utarbeide åtskilt sykkelveg inn til sentrum som forlenging av sykkelvegen som nyleg er anlagt i Fjøra.
- Det bør stillast krav om at vegnett, med fortau og sykkelveggar blir bygd før bustader og næringsverksemdar får takast i bruk.
- Legge til rette for noko næringsverksemd, som matbutikk, frisørsalong etc, som sikrar kort veg til slike tenester og unngår i større grad bilkøyring inn til sentrum.



Miljøretta helsevern

Interkommunalt samarbeid i Indre Sogn

- Store delar av området som planleggast å byggast ut er på jordbruksareal og mykje av dette arealet har vore nytta til fruktdyrking. Det er stor sannsynlegheit for at jorda har restar av sprøytemidlar. For det arealet som skal nyttast til barnehage eller leikeplass ber vi om at det leggast inn krav i reguleringsbestemmingane at «Veileder for undersøkelse av jordforurensing i nye barnehager og lekeplasser [TA-2261](#)» følgast.
- Delar av planområdet er omkransa av bustader, og det er også bustader i planområdet. På grunn av planens omfang vil desse bli utsett for støy over lang tid, og tidsrommet dei vil være utsett for støy vil i tillegg være uforutsigbart sidan utbygginga kan komme til å skje stykkevis. Det er difor særdeles viktig at reguleringsbestemmelsane legg til grunn at Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, [T-1442](#) skal følgast i bygge- og anleggsfasen. Dette må også følgast opp i praksis. Vi anbefaler at reguleringsbestemmelsane også set krav til støyutredning av bygge- og anleggsfasen.
- Ronas barnehage og Folkehøgskule med internat ligg i planområdet og nært opp til område som vil bli utbygd og fortetta, og barn og elevar kan bli utsett for støy i bygge- og anleggsfasen. Det er difor viktig at det sikrast at det lagast ein plan for korleis barna og elevane skal sikrast tilfredsstillande støyforhold i opphaldstida, samt på ettermiddag, kveld og natt for internatelevane. Det må også lagast ein plan for korleis det skal følgast opp at underleverandørar føl støykrav og at det dokumenterast at støygrensene i tabell 4-6 i T-1442 blir haldne.
- Støv frå bygge- og anleggsarbeid vil erfaringsmessig også bli ei belastning for bebuarar nær planområdet. Vi ber difor om at reguleringsbestemmelsane legg til grunn at det skal gjerast støvreduserande tiltak på anleggsområda og i samband med eventuell transport av masser. Det må stillast krav om plan for støvreduserande tiltak.
- Det leggast opp til å satse på kvalitetar for born og unge, og det vil bli tilrettelagt nærleikeplassar og nærmiljøanlegg. Slike aktivitetar er viktige for leik, trivsel og fysisk aktivitet, men kan også innebære støybelastning for bebuarar i nærleiken. Erfaringsmessig er skateramper og ballbinger eksempler på nærmiljøanlegg som kan bli ei støybelastning for dei som bur nær. Det bør difor leggast til grunn at «Veileder for støyvurdering ved etablering av nærmiljøanlegg» [IS-1693](#) blir følgt under detaljplanlegging i området.

Med helsing

Elin Åsnes Øvretun

leiar miljøretta helsevern

Linda Øy

ingeniør miljøretta helsevern